



Årsmelding 2022

Øygarden kommune



Øygarden kommune

Innhald

Kommunedirektøren si innleiing	3
Viktige hendingar i 2022	6
Politiske og administrative organisering	12
Folketalsutvikling og folkehelse	17
Økonomi	21
Overordna mål og satsingar	33
Oppfølging av politiske saker	36
Verksamdsstyring og internkontroll	42
Kommunen som arbeidsgjevar	57
Kommunedirektør	67
Finans og økonomi	69
HR og organisasjon	74
Helse og velferd	78
Oppvekst	87
Kultur og samfunn	97

Kommunedirektøren si innleiing

Etter to år prega av pandemien, kom Øygarden kommune tilbake til ein meir normalprega situasjon i 2022, der vi kunne ta fatt på oppgåver som til ein viss grad måtte utsetjast i 2020 og 2021. Fjoråret viser eit plussresultat og at kommunen har teke eit viktig steg mot ein stabil og trygg økonomi.



Kort tid etter at dei største koronatiltaka vart oppheva tidleg i februar, vart Ukraina ramma av krig. Tidleg i mars kom dei første fordrivne ukrainarane til Øygarden. Det vart etablert akuttmottak på Nautnes, og i løpet av 2022 busette kommunen vår 200 flyktningar, dei fleste frå Ukraina. Kommunestyret har vedteke å ha eit like høgt nivå på busetjing i 2023.

Øygarden er ein vekstkommune som har alle føresetnader for sikra ein god økonomi og gode tenester for innbyggjarane. Viktige drivarar for Øygarden er realiseringa av det grønne skiftet, nytt Sotrasamband, olje- og gassnæringa og industrien elles. Det grønne skiftet vil mellom anna verta realisert med karbonfangst- og lagring av CO₂ og hydrogenproduksjon.

Godt økonomisk resultat

Desse vekstfaktorane har saman med eit variert næringsliv elles bidrege til eit godt økonomisk resultat for Øygarden kommune. Rekneskapen for 2022 vart gjort opp med eit netto driftsresultat på kr 45,6 mill. Det gode resultatet skuldast mellom anna høgare skatteinntekter enn budsjettert og større utbetaling frå Havbruksfondet enn budsjetttet. Det som svekka resultatet i fjor var ekstra straumutgifter, bruk av bemanningsbyrå, eigedomsdrift og barnevern.

Netto driftsresultat utgjer 1,36 prosent av driftsinntektene. Teknisk berekningsutval (TBU) legg til grunn at kommunerekneskapen bør ha eit netto driftsresultat på 1,75 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har etter 2022 eit disposisjonsfond på kr 127 mill. Dette er ein auke på kr 53,5 mill frå 2021. Ein kommune av vår storleik bør ha om lag kr 300 mill i disposisjonsfond for å ha nok reserver til å takla svingingar i økonomien.

Etter fleire år med meirforbruk innan oppvekst, viser rekneskapen for 2022 at ein har lukkast å innarbeida betre budsjettkontroll i dette kommunalsjefområdet. Tala for Helse og velferd viser at det blir svært viktig å betra bemanningssituasjonen og styrkja arbeidet med ei tenleg vikarordning.

Samfunnsdelen til kommuneplanen vart vedteken i kommunestyret 24. mars 2022. Samfunnsdelen er vårt viktigaste verktøy for å byggja Øygarden kommune – eit fyrtårn i vest. Ambisjonen er at vi saman skal skapa ein god plass å bu, der alle, uavhengig av alder og funksjonsnivå, opplever god livskvalitet. Samfunnsdelen til kommuneplanen er styrande for økonomiplanane i åra framover.

Grep i organisasjonen

Arbeidet med verksemdsplanen byggjer på vedteken økonomiplan. Denne viser prioriteringane dei neste fire åra og kva mål og strategiar frå samfunnsplanen som det skal arbeidast med. Oppdraga dannar grunnlag for einingane sitt arbeid med verksemdsplanen for 2023. Øygarden kommune nyttar verksemdsplanmodulen i Framsikt.

I 2022 vart det gjennomført organisatoriske endringar. Etter endringane er det fem kommunalsjefområde med kvar sin kommunalsjef; Oppvekst, Helse og velferd, Kultur og samfunn, HR og organisasjon og Finans og økonomi. Ein del oppgåver er flytta frå sentralstab til kommunalsjefområda Helse og velferd, Kultur og samfunn og Oppvekst. Det er også oppretta konsernnettverk innan HR, økonomi, kommunikasjon og omdøme, digitalisering og innovasjon og folkehelse. Desse grepa skal sette kommuneverksemda betre i stand til å forvalta personalressursane på ein god måte og leggja til rette for god intern samhandling, tverrfagleg arbeid og godt arbeidsmiljø. I tillegg skal endringane styrka økonomistyringa for å sikra betre budsjettkontroll.

Andre tiltak er innføring av hybrid arbeidskvardag. Arbeidet med Sotrasambandet vil etter kvart føra til omleggingar og periodar med avgrensa trafikkflyt. Denne ordninga inneber ei arbeidsordning med delvis bruk av heimekontor som eit bidrag til å redusera bilbruken og trafikkbelastninga.

I 2022 var det oppstart av eit prosjekt for å redusera sjukefråværet. Målet med dette prosjektet er å koma tidleg i dialog med dei sjukemelde og at dei opplever seg som viktige for kommunen. Dette skal bidra til at dei kjem tidleg tilbake i arbeid. I fjor vart det også teke straumgrep for å redusera forbruket og kostnadene som følgje av høg straumpris.

Forvaltningsrevisjon av internkontroll i 2022 viste at kommunen har iverksett viktige tiltak for å sikra ein tilfredsstillande internkontroll i samsvar med kommunelova, men at det framleis er manglar før kommunen er i mål. Arbeidet med å følgja opp forvaltningsrevisjonen er godt gang.

Framover

I framtida vil endra samansetjing av befolkninga innebera færre yrkesaktive og fleire eldre. Etter kvart vil dette også få store utslag for Øygarden kommune. Det er difor heilt nødvendig for Øygarden å rusta seg for framtida. Drifta må tilpassast eit endra behov og vi må byggja opp reserver som kan nyttast i økonomisk krevjande tider.

Øygarden har likevel all grunn til å sjå positivt på framtida. I fjor vart den største transportkontrakten i noregshistoria signert. Det handlar om Sotrasambandet som har ei ramme på kr 23,1 mrd og skal stå klart til bruk 1. juni 2027. I 2024 er anlegget til Northern Lights i Energiparken klar til å lagra CO2 to og ein halv kilometer under havbotnen vest for Øygarden. Det er også planar om å byggja ny godshamn på Ågotnes.

Øygdssamfunnet har gode føresetnader for å styrka posisjonen gjennom det grøne skiftet. Vi har eit aktivt og framoverbøygde næringsliv som bidreg godt til samfunnsutviklinga. Det blir avgjerande at kommune og næringsliv jobbar godt saman for å leggja til rette for både nye næringar og transformasjonen til eit lav- / nullutsleppssamfunn.

Økonomiplanen har klare krav til innsparing og omstilling i åra som kjem. I åra 2024 – 2026 er det lagt inn at dette skal gje ein årleg effekt på totalt kr 55 mill. Dette er ambisiøse mål, men Øygarden kommune har gode føresetnader for å nå desse måla.

Når alt kjem til alt, handlar det om å gje gode tenester til innbyggjarane. Vi har om lag 2 800 tilsette i Øygarden kommune som kvar dag står opp for å gje det alle beste til dei vi står til teneste for. Eg vert stolt når eg ser kva den enkelte legg ned av arbeidskraft for å realisera visjonen om å skapa eit fyrstårn i vest.

Nøkkeltal for 2022

- Totale driftsinntekter kr 3 351 mill
- Totale driftsutgifter kr 3 312 mill
- Renter kr 85 mill
- Avdrag kr 109 mill
- Investeringar kr 191,3 mill
- Lånegjeld, egne investeringar kr 2 978 mill


Årsmeldinga gjer greie for drifta av kommunen i 2022. I tillegg til oversikt over den økonomiske utviklinga, inneheld årsmeldinga også mellom anna ei oversikt over dei viktigaste hendingane i året, likestilling og mangfald, internkontroll, HMS mm. Årsmeldinga føreligg både som eit tradisjonelt tekstdokument og i ei elektronisk utgåve.

Straume, 31.03.2023

Johnny Breivik
Kommunedirektør

Viktige hendingar i 2022

2022 baud på mange og ulike hendingar. Nedanfor har vi omtalt nokre av desse (lista er ikkje uttømmende).



Frivilligåret markert i Øygarden kommune

Gjennom heile året er Frivillig-året markert i Øygarden ved å nominera Månadens frivillig 12 gonger. Bilete syner Anne-Liv Foldnes Bjørsvik som i juni mottok Månadens frivillig-pris, for å ha leia seniorgruppa i Sotra/Øygarden turlag og vore trufast turleiar i turlaget i mange år.



Skifte av kommunedirektør

Den 31. januar overtok Johnny Breivik som kommunedirektør i Øygarden, etter Rune Landro som var konstituert i stillinga sidan mai 2021.



Besøk av kronprinsen på Dale Oen Experience

Det var storbesøk i Øygarden den 9. februar. Kronprins Haakon besøkte Dale Oen Experience på Langholmen nord i kommunen.



Koronaviruset

I februar vart alle forskriftfesta tiltak om koronaviruset fjerna, og juli starta vaksining av alle over 75 med 4. vaksinedose.



Busetting av flyktningar

Dei første flyktningane frå Ukraina kom til Øygarden i mars. Her ser vi bilete av Anna og dottera Yana. I løpet av 2022 busette Øygarden kommune om lag 200 flyktningar. Dei fleste kom frå Ukraina.



Samfunnsdelen til kommuneplanen

I mars vedtok kommunestyret samfunnsdelen til kommuneplanen. Samfunnsdelen er eit av dei viktigaste overordna styringsdokumenta til kommunen, og handlar om korleis vi skal utvikla oss dei neste 12 åra.



Underteikna kontrakt for Sotrasambandet

I mars underteikna Statens vegvesen OPS-kontrakt for Sotrasambandet med Sotra Link AS med ei ramme på 19,8 milliardar kroner. Bilete er frå ein lunsj på rådhuset der signeringa vart markert.



Interkommunal barnevernsvakt

19. april vart Øygarden og Askøy interkommunale barnevernsvakt etablert med aktiv og tilgjengeleg vaktordning heile døgnet.



50 år med bru til Sotra

Den 25. mai var det 50 år sidan at Sotrabrua vart offisielt opna av Kong Olav (1972). Ole Konrad Ekerhovd sat då i kommunestyret i Fjell. Han fekk æra av saman med ordførar Olav Midtun og mange andre gjester, å vera tett på kongen då han klipte snora i Knarrvika.



Fornya venskapsavtale med Shetland

Venskapsavtalen vart signert i juni av Ordførar Tom Georg Indrevik og Davie Sandison. Sund kommune har tidlegare hatt vennskapsavtale med byen Scalloway på Shetland. Avtalen er no fornya og utvida til fleire område på Shetland.



Storkontrakt til Northern Lights

I slutten av august signerte Northern Lights verdas første kommersielle avtale med Yara om CO₂-transport og -lagring på tvers av landegrenser.

Nytt innbyggartorg og bibliotek

24. oktober vart det nye innbyggartorget og biblioteket på Straume offisielt opna.



75 år sidan Johannes Kleppevik vart fødd

I oktober var det 75 år sidan Johannes Kleppevik vart fødd. 75-årsjubileet vart m.a. markert den 9. oktober, då det vart avduka ein skulptur av Johannes på Skuleneste i Klokkevik. Om kvelden var det jubileumskonsert, og då fekk Anita Heggholmen (bilete) utdelt Johannes Kleppevik sitt minnefond sin kystkulturpris for 2022.



Statsministeren opna besøkssenter i Energiparken

Statsminister Jonas Gahr Støre opna besøkssenteret til Northern Lights i Energiparken i Øygarden den 18. oktober. Om to år er anlegget klart til å ta imot CO₂, som skal skipast i land og mellomlagrast, og så førast i eit 110 kilometer langt røyr til permanent lagring under havbotnen.



Opning av kunstverket Livets portal på Grana

I november vart kunstverket Livets portal av kunstnaren Beate Einen offisielt opna av ordførar Tom Georg Indrevik. Den flotte installasjonen i glas og metall står ytst mot havet på Grana i Telavåg. Bilete syner: Frå venstre; kulturleiar Christel Møvik-Olsen, ordførar Tom Georg Indrevik og kunstnaren Beate Einen.



Vedtok budsjett og økonomiplan

Den 15. desember vedtok kommunestyret budsjettet for 2023 og økonomiplan for 2023 - 2026. Driftsbudsjettet er i balanse og har ei ramme på 3,14 milliardar kroner. Det skal investerast for om lag 170 millionar kroner i 2023.




Poltisk og administrativ organisering



Politisk organisering

Følgjande politiske styringsstruktur er vedteke for Øygarden kommune:



Kommunestyret utgjør den politiske leiinga i kommunen. Kommunestyret har 45 medlemmer frå følgjande parti: Høgre (10), Arbeiderpartiet (8), Sotralista (5), Folkets parti (tidl. Folkeaksjonen Nei til mer bompengje) (4), Kristeleg Folkeparti (4), Fremskrittspartiet (4), Senterpartiet (4), Miljøpartiet De Grønne (2), Sosialistisk Venstreparti (2), Venstre (1), Raudt (1).

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval. Ansvars- og oppgåvefordeling mellom utvala går fram av det politiske delegeringsreglementet.

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne føra tilsyn med heile den kommunale verksemda. Sekretariatstenester vert kjøpt frå Hordaland fylkeskommune.

Administrativ organisering

Øygarden kommune er organisert med to organisasjons og fullmaktsnivå. Fullmaktsnivå 1 gjeld kommunedirektør og kommunalsjefane og fullmaktsnivå 2 gjeld leiarar av tenestestader/ einingar


Einingsleiarane er ansvarlege for sine einingar innan rammene av dei fullmakter som er delegert frå kommunedirektøren. Fullmakter knytt til fag, personell og økonomi er lagt til einingsleiarane. Det administrative delegeringsreglementet byggjer på det politisk delegeringsreglementet, som begge er vedtekne i kommunestyret.

Einingane skal ha sterke fagmiljø, og byggja på prinsippet om myndiggjorte medarbeidarar og at avgjerd vert teke nærast mogleg brukar. For å unngå «gråsoner» må samarbeid og samhandling på tvers i organisasjonen sikrast og styrkast.

Det er totalt 70 einingsleiarar i organisasjonen.

I september vedtok kommunedirektøren organisatoriske tiltak, som innebar endra organisering av stabsområda. Bakgrunnen for endringane var m.a. erfaringar etter omorganiseringa i 2021 og den økonomiske situasjonen, der kommunestyret 19.05.22 vedtok at kommunedirektøren måtte iverksette tiltak. Dei organisatoriske tiltaka innebar at kommunalsjefsområdet Økonomi og organisasjon vart delt i to område med kvar sin kommunalsjef - Finans og økonomi, HR- og organisasjon. Vidare vart nokre ressursar knytt til kompetanse på økonomi, verksemdsstyring og HR delt ut til dei andre kommunalsjefsområda. Noko av føremålet med dei organisatoriske tiltaka er betre økonomistyring og betre samhandling.

Øygarden kommune har følgjande administrative organisering frå 01.11.2022:



Organisasjonskart for kommunalsjefområda

Her kan du lesa meir om organiseringa innan kommunalsjefområda:

[Oppvekst](#)

[Helse og velferd](#)

[Kultur og samfunn](#)

[Finans og økonomi](#)

[HR og organisasjon](#)

Kommunale aksjeselskap og kommunale føretak

Delar av den kommunale drifta er lagt til kommunale føretak eller aksjeselskap. Vatn, avlaup og renovasjon er organisert i ØyVAR AS. I tillegg er det oppretta tre kommunale føretak: Øygarden brann og redning KF, Øygarden bustadutvikling KF og Øygarden næringsutvikling KF.

I 2022 vart det etablert eit tett samarbeid med Øygarden brann og redning knytt til samfunnstryggleik, beredskap og kriser. I desember vedtok kommunestyret at Øygarden brann og redning KF skal avviklast og at drifta skal reorganiseras til kommunal drift. Frå 1.4.2023 vert brann og redning ei eining i kommunalsjefområde HR og organisasjon.

Gjennom Øygarden næringsutvikling KF legg kommunen til rette for framtidsette samfunns- og næringsutvikling som sikrar attraktivitet og vekst i heile kommunen. Kommunen samarbeider og gjev tilskott til ulike aktørar, mellom anna Vest næringsråd, Grunderparken Vest og Trigger. I desember vedtok kommunestyret at Øygarden Næringsutvikling KF vert vidareført inntil følgjande er avklart:

- Kva kontaktpunkt det skal vera mellom kommunen og næringslivet
- Korleis pågåande og eventuelt nye prosjekt skal leiast og gjennomførast.

Styret i Øygarden Næringsutvikling vert beden om å koma med innspel til korleis punkta over kan løysast.

Øygarden bustadutvikling KF forvaltar kommunale utleigebustader frå dei tre gamle kommunane. Det pågår arbeid med å finna gode samarbeidsformer mellom kommunen som tenesteytar og tildeler, og Øygarden bustadutvikling KF som forvaltar av eigedomane. I tillegg har Bustadstiftinga om lag 400 utleigebustader, plassert i tidlegare Fjell kommune, som er til utleige til vanskelegstilte på bustadmarknaden. I desember vedtok kommunestyret at Øygarden Bustadutvikling KF vert vidareført til følgjande punkt er avklart:

- Utredning kring forhold mellom kommunen og Bustadstiftinga er avklart
- Korleis vedlikehald og drift skal handterast og takast i vare.

Kommunedirektøren følgjer opp sakene som gjeld Øygarden Næringsutvikling KF og Øygarden bustadutvikling KF i 2023.

Eigarskapsoppfølging i Øygarden kommune

Hausten 2022 vart den første eigarskapsmeldinga for Øygarden kommune vedteke.

Eigarskapsmeldinga er først og fremst eit politisk styringsdokument, og inneheld overordna prinsipp for eigarstyring og utøving av eigarskap i selskap som kommunen eig heilt eller delvis.

Den vedtekne eigarskapsmeldinga legg opp til ei aktiv oppfølging av eigarskapet i Øygarden kommune. Formannskapet har fått ei styrka rolle, og skal handsama alle politiske saker knytt til eigarskap. Det skal gjennomførast ein årleg eigardag i august, der sentrale selskap får gje ei orientering i formannskapet. I tillegg vert det gjennomført jamlege eigarmøte med fleire av selskapa for å sikra god dialog og informasjonsutveksling.

I 2022 har det vore fokus på å utarbeida rutinar for å sikra at kommunen følgjer opp vedteken eigarskapspolitikk. Det er også gjennomført eigarmøte med fleire av selskapa.

Eigarskapskontroll

Plan for eigarskapskontroll (utarbeida av kontrollutvalet), vart vedteke i kommunestyret 17.12.2020.

I 2022 gjennomførte kontrollutvalet i sak 34/22, 08.09.2022, ein evaluering (rullering) av plan for eigarskapskontroll. Prosjektplanen for eigarskapskontrollen vart behandla av kontrollutvalet i sak 43/22, 30.11.2022.


I 2023 vil det bli gjennomført ein eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning.

Folketalsutvikling og folkehelse



Folketalsutvikling 4. Kvartal 2022

	2019	2020	2021	2022
Folketal ved inngangen av kvartalet	38 117	38 316	38 664	39 032
Fødde	391	448	464	351
Døde	233	215	227	255
Fødselsoverskot	158	233	237	96
Innvandring	199	170	218	352
Utvandring	138	67	183	156
Innflytting, innanlands	1 885	1 653	1 687	1 553
Utflytting, innanlands	1 904	1 641	1 590	1 511
Netto innvandring og flytting	42	115	132	238
Folkevekst	199	348	368	336
Folketalet ved utgangen av kvartalet	38 316	38 664	39 032	39 368




Tabell og graf viser folketalsutviklinga per kvartal i perioden 2019-2022. For 2019 er det den samla folketalsutviklinga i tidlegare Fjell kommune, tidlegare Sund kommune og tidlegare Øygarden kommune som er vist. Folketalet viser ein auke på 336 personar i 2022 (0,86 %). Til samanlikning var folketalsauken 0,95 % i 2021 og 0,91 % i 2020. Ved utgangen av året 2022 bur det 39 368 personar i Øygarden kommune.

Folketalsutviklinga er avgjerande for Øygarden kommune sine frie inntekter (skatt og rammetilskot).

Tala er henta frå tabell 01222 i SSB.

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen

Alder



Sjå elles Statistisk sentralbyrå: [Kommunefakta](#)

Folkehelse

Kva er folkehelse ?

Folkehelse handlar om ei samfunnsutvikling som fremjar helsa og livskvaliteten i befolkninga, og utjamnar sosiale forskjellar i helse. Det viktigaste folkehelsearbeidet skjer utanfor helsesektoren, med mange faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa i befolkninga. Døme på dette er gode og inkluderande oppvekstvilkår, trygge og tilgjengelege bustadar, reint og trygt drikkevann og lokalsamfunn som fremjar sosiale og fysiske aktivitetar. Folkehelse er slik sett noko som omhandlar heile organisasjonen, og som krev at vi tenker helse i alt vi gjer.

Folkehelselova som kom i 2012 pålegg alle kommunar å utarbeida ei skriftleg folkehelseoversikt kvart fjerde år. Lova har bidrege til at folkehelsearbeidet har fått auka merksemd, og skal leggst til grunn for planarbeidet i kommunen. Den siste folkehelseoversikta i Øygarden vart utarbeidd i 2020. Oversikta har utgjort eit viktig kunnskapsgrunnlag for den nye kommunen, og var sentral for utarbeiding av langsiktige målsettingar og strategiar i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Korleis er folkehelsa i Øygarden kommune?

Folkehelseoversikta frå 2020 viser at det for folk flest er godt å bu og leva i Øygarden kommune. Vi har høgare forventade levealder enn landet elles, færre som lever med låginntekt over tid og tilgang til flott natur og rekreasjonsområde. Samstundes viser oversiktsarbeidet at Øygarden også opplever fleire samfunnstrendar og utfordringar som påverkar folkehelsa i Øygarden.

Demografiske endringar er eit utviklingstrekk som også rammar Øygarden kommune. Framskrivingar av befolkningsveksten viser at det er ein auke i den eldre delen av befolkninga, samstundes som det vert født færre barn. Sjølv om Øygarden har høgare fruktbarheit enn andre kommunar i Noreg, vil også vi måtte omstilla tenester og velferdsapparat for å møte desse demografiske endringane. Leve heile livet er eit viktig prosjekt for å styrka folkehelsa i kommunen, og er særleg retta mot den eldre delen av befolkninga. Fleire aktivitetar og møteplassar for eldre, godt samarbeid med frivilligheita og eit samanhengande helsetilbod har vore fokus gjennom 2022. Tilgang på trygge bustadar er også ei viktig satsing i samfunnsdelen, som skal bidra til at fleire eldre kan meistra eigne liv lengst mogleg. Dette vert det arbeidd med gjennom temaplan for bustadsosialt arbeid, som starta opp hausten 2022.

Utanforskap er også ei anna utfordring som pregar både oss og resten av landet. I Øygarden har vi over tid fleire ungdomar som fell frå vidaregåande utdanning. Vi har også fleire unge i Øygarden med psykiske vanskar, og som er mindre nøgde med si eiga helsa og sitt lokalmiljø. Sjølv om vi totalt sett har færre familiar som veks opp i låginntekt, opplever NAV ein auke i både unge og vaksne som fell frå arbeidslivet. Meir fokus på førebyggjande arbeid i skular og barnehagar har vore viktige innsatsområde i 2022, og vil framleis ha stort fokus. God tilgang på både organiserte og uorganiserte aktivitetar er også viktige innsatsområde for å førebyggja utanforskap. Dette har vore eit av fleire viktige tema som det er arbeidd med i 2022, blant anna gjennom plan for kultur, idrett og frivilligheit.

Etablering av tverrfagleg folkehelsenettverk og fokus for 2023

Hausten 2022 vart det etablert eit tverrfagleg folkehelsenettverk i Øygarden kommune. Nettverket består av fagpersonar frå heile organisasjonen, og har som føremål å auka kompetanse og merksemd på tverrfagleg folkehelsearbeid i organisasjonen.

Folkehelsenettverket har i hovudsak arbeidd med revidering av ny folkehelseoversikt for kommunen. Denne skal ferdigstillast våren 2023, og vil utgjera eit viktig kunnskapsgrunnlag inn mot planstrategien.

Økonomi

Økonomiske handlingsreglar

Ifølgje Kommuneleva § 14-2 pkt c) skal alle kommunar vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi. Øygarden kommune har vedtatt følgjande økonomiske handlingsreglar:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Måla bør vera nådd seinast innan 31.12.2023.



Resultata for 2022 viser følgjande:

	Mål	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022
Netto driftsresultat	1,75 %	-4,7 %	-0,5 %	-0,3 %	1,36 %
Disposisjonsfond	5 %	3,6 %	2,7 %	2,3 %	3,8 %
Lånegjeld	100 %	100,7 %	104,1 %	86,6 %	87,5 %

Netto driftsresultat er 1,36% i 2022 og viser ei klar betring frå tidlegare år. Disposisjonsfondet er auka i 2022 og er no på 3,8 % av brutto driftsinntekter. Dette skuldast at kommunen gjekk med overskot i 2022. Lånegjelda er redusert i høve 2021, og er i tråd med handlingsregelen. Den reelle lånegjelda er

høg når ein tar omsyn til at verksemda for vatn, avløp og renovasjon, med tilhøyrande lånegjeld, er lagt til eit eige aksjeselskap Øyvar.

Følgjande skal arbeidast vidare med i 2023

- Tilpassa drifta til dei økonomiske rammene og vedtatt mål for netto driftsresultat
- Vidareføra fokuset på å ikkje auka lånegjelda og dermed rente- og avdragsbelastninga
- Avsette tilstrekelege midlar til disposisjonsfond, slik at kommunen er i stand til å handtera svingingar i utgifter og inntekter utan at dette går direkte utover moglegheitene til å yta forsvarlege tenester

Koronarekneskap

Øygarden kommune har i 2022 motteke kr 42,2 mill over rammetilskotet til dekning av utgifter i samband med koronasituasjonen. Det er ført utgifter på kr 6,8 mill meir enn det tilskotet dekker. Dette er utgifter som er ført 2. halvår 2022.

Det er også motteke kr 1,2 mill i næringstilskot til lokale verksemdar.

Sentrale inntekter

	Rekneskap 2021	Opph. bud. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Frie disponible inntekter					
Rammetilskudd	-1 164 467	-1 116 032	-1 142 787	-1 138 654	-4 133
Inntekts- og formuesskatt	-1 234 238	-1 223 600	-1 265 850	-1 383 617	117 767
Eiendomsskatt	-159 080	-158 000	-159 500	-159 560	60
Andre generelle driftsinntekter	-54 592	-45 920	-99 503	-119 734	20 231
Sum Frie disponible inntekter	-2 612 378	-2 543 552	-2 667 640	-2 801 565	133 925

Rammetilskot

Øygarden kommune sine driftsinntekter er samansett av inntekts- og formuesskatt, eigedomsskatt, rammetilskot frå staten og øvrige driftsinntekter som vert inntektsført direkte i einingane.

Rammetilskotet for 2022 er bokført med kr 1 138,7 mill, noko som er kr 4,1 mill lågare enn revidert budsjett, og kr 25,8 mill lågare enn i 2021.

Inntekts- og formuesskatt

Skatteinntektene er bokført med kr 1 383,6 mill i 2022. Dette er kr 117,8 mill høgare enn revidert budsjett. I 2021 var skatteinntektene kr 1 234,2 mill.

Øygarden kommune har eit skattenivå på 87,1 % av landsgjennomsnittet. Frå 2021 til 2022 var det ein skatteauke på 12,1 %. I same periode hadde landet ein skatteauke på 12,7 %. Årsaka til skatteveksten er høgare innbetalt skatt på utbytte.

Eigedomsskatt

Øygarden kommune skreiv i 2022 ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova (esktl) § 3 første ledd bokstav c, berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

I tillegg skreiv kommunen ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" etter overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget var i 2022 lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som nærings eigedom.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2022 var 7 promille for skatteobjekt i tidlegare Øygarden kommune, 7 promille for skatteobjekt i tidlegare Fjell kommune og 6 promille i tidlegare Sund kommune.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vart vedteke i kommunestyret 19.12.2019.

I mai 2022 vedtok kommunestyret at det skulle gjennomførast ei ny alminneleg taksering i 2022 gjeldande frå og med skatteåret 2023. Grunnen til dette er at samanslåtte kommunar har ein overgangsperiode på tre år til å harmonisera eigedomsskatteregimet. Når overgangsperioden er ferdig 1. januar 2023, må eigedomsskatten vera harmonisert i den nye kommunen. Dette arbeidet har vore gjennomført i 2022 og er slutført innan fristen 28. februar 2023.

Øygarden kommune har framleis nokre klagesaker på eigedomsskatt til handsaming som skriv seg frå tidlegare Øygarden kommune. Dersom klagar får medhald kan det gi store økonomiske konsekvensar for den nye kommunen, både i form av eventuell tilbakebetaling av innbetalt skatt, og framtidige eigedomsskatteinntekter.

Andre generelle driftsinntekter

Under posten "Andre generelle driftsinntekter" ligg integreringstilskott, vertskommunetilskot asylmottak, rentekompensasjonsordning frå Husbanken samt korona-kompensasjon frå staten til næringsverksemdar (7. tildelingsrunde).

Integreringstilskot

Det er inntektsført kr 68,9 mill i integreringstilskot. Dette er kr 18,6 mill meir enn budsjettert. Kommunen busette 200 personar totalt i 2022.

Rentekompensasjon frå Husbanken

Rentekompensasjon frå Husbanken for kyrkjebygg, omsorgsbustader og skular utgjorde kr 4,6 mill i 2022.

Asylmottak Nautnes

Kommunen mottok kr 1,2 mill i vertskommunetilskot i 2022.

Andre flyktningeinntekter

Etter søknad fekk kommunen skjønstilskot på kr 1,06 mill knytt til flyktningesituasjonen. For alternative mottaksplassar er det mottatt kr 1,9 mill.

Finansinntekter og -utgifter

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter	-15 023	-15 100	-15 100	-28 142	13 042
Utbytter	-27 418	-23 000	-31 400	-32 458	1 058
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-5 429	-5 000	-5 000	3 488	-8 488
Renteutgifter	64 497	79 000	79 000	85 264	-6 264
Avdrag på lån	101 288	102 000	107 700	108 634	-934
Sum Finansinntekter/-utgifter	117 916	137 900	135 200	136 785	-1 585

Renteinntekter

Renteinntekter er i rekneskap 2022 bokført med kr 28,1 mill, noko som er kr 13 mill meir enn revidert budsjett. I 2021 var renteinntektene kr 15 mil. Auka renteinntekter har samanheng med auka rentenivå i 2022 og dekker opp for auka renteutgifter.

Utbytte

Totalt mottok Øygarden kommune utbytte på kr 32,5 mill i 2022 (kr 27,4 mill i 2021). Utbyttet var fordelt med kr 31,4 mill frå BKK og kr 1,1 mill frå BIR. I 2021 var heile utbyttet frå BKK.

Øygarden kommune har ein eigarandel på 3,43 % i BKK.

Renteutgifter

Renteutgifter er i rekneskap 2022 bokført med kr 85,3 mill, noko som er kr 6,3 mill meir enn revidert budsjett. I 2021 var renteutgiftene kr 64,5 mil.

Noregs Bank si styringsrente har gjennom 2022 auka frå 0,5 % i januar til 2,75 % i desember. Føremålet med rentehevinga gjennom året var å dempe presset i norsk økonomi og halda inflasjonsmålet på 2 %. Det er forventningar i marknaden om at rente skal vidare opp i løpet av våren 2023.

Avdrag på lån

Det er i 2022 betalt ordinære avdrag på lån med kr 108,6 mill som er kr 0,9 mill meir enn budsjettert. I 2021 blei det betalt kr 101,3 mill i avdrag. I tillegg er det betalt kr 14 mill i avdrag på startlån og kr 48,5 mill i ekstraordinære avdrag på startlån i investeringsrekneskapen.

Ein stor del av driftsinntektene vert brukt til å betala renter og avdrag. I 2022 utgjør dette til saman kr 193,9 mill (kr 165,8 mill i 2021).

Lånegjeld

Ved utgangen av 2022 er total lånegjeld kr 3,74 mrd. Det vart i løpet av 2022 teke opp nytt lån på kr 80 mill til investeringar og kr 85 mill til startlån i tråd med budsjettvedtak i KS-sak 177/21. Samla låneopptak i 2022 var kr 165 mill.

	2021	2022
Lån til egne investeringar	3 012 810 740	2 987 566 320
Lån til vidare utlån (startlån)	571 669 069	589 926 658
Vidareutlån til ØBU	152 637 291	157 813 733
Sum	3 737 117 099	3 735 306 710

Lånegjelda er redusert med kr 1,8 mill frå 2021 til 2022.

Pensjon

Hausten 2021 var pensjonsordninga ute på anbod. Storebrand vann anbodskonkurransen og er frå 2022 ny pensjonsleverandør for Øygarden kommune. Sjukepleiarar skal framleis vera forsikra i Klp og lærarane i Spk jf. hovudtariffavtalen.

Øygarden kommune har fått attendebetalt kr 69,7 mill i innskotet eigenkapital i investeringsrekneskapen og frigjort kr 203 mill av bufferkapitalen til premiefond.

Rekneskapsføringa av pensjon følgjer forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner § 3-5. Reglane inneber at det ikkje er den betalte pensjonspremien som skal rekneskapsførast, men berekna pensjonskostnadar og premieavvik. Berekningane byggjer på fastsette føresetnader.

PENSJONSKOSTNADER OG PREMIEAVVIK	2021	2022
Årets opptjening	165 129 102	170 146 601
Rentekostnad	81 884 259	79 145 670
Brutto pensjonskostnad	247 013 361	249 292 271
Forventet avkastning	- 94 366 896	- 96 340 421
Netto pensjonskostnad	152 646 465	152 951 850
Sum amortisert premieavvik	28 277 180	17 451 679
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	7 852 338	10 427 188
Samlet kostnad (inkl. administrasjon)	188 775 983	180 830 717

PREMIEAVVIK	2 021	2 022
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)	117 946 209	87 085 050
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	-7 852 338	-10 427 188
Netto pensjonskostnad	-152 646 465	-152 951 850
Premieavvik	-42 552 594	-76 293 988

Pensjonskostnadane for 2022 er bokført med totalt kr 153 mill, mens premieavviket er kr 76,3 mill.

Akkumulert premieavvik	2 021	2 022
Sum premieavvik pr. 01.01	82 426 128	11 577 549
årets premieavvik	- 42 552 594	- 76 293 988
Sum amortisering av premieavvik i år	- 28 295 985	- 17 416 708
Akkumulert premieavvik pr. 31.12	11 577 549	82 133 146
Arbeidsgjeraravgift av akkumulert premieavvik	1 632 434	- 11 580 774
Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.giv.avgift	13 209 983	- 93 713 920

Pensjonsmidlar og pensjonspliktingar (rekneskap)	2 021	2 022
Netto pensjonsmidlar 01.01	2 834 785 918	2 836 755 526
Endring pensjonsmidlar i år	1 969 608	128 480 031
Netto pensjonsmidlar 31.12	2 836 755 526	2 965 235 557

Netto pensjonspliktingar 01.01	- 2 958 484 652	- 2 802 463 363
Endring pensjonspliktingar i år	156 021 289	- 167 657 343
Netto pensjonspliktingar 31.12	- 2 802 463 363	- 2 970 120 706

Premiefond

Bruk av premiefond reduserar innbetaling av premie og innbetaling av arbeidsgjevaravgift, noko som betrar likviditeten. Bruk av premiefond påverkar ikkje årets resultat, men påverkar resultatet i dei neste 7 åra.

Plasseringar

Øygarden kommune har plasseringar i anleggsobligasjonar, omløpsobligasjonar, obligasjonsfond og aksjefond.

Oversikta under viser plasseringane (Tal i heile 1 000 kr):

	2020	2021	2022
DnB	140 271	142 586	139 691
C WorldWide	136 301	139 414	138 822
Sum	276 572	282 001	278 513


Per 31.12.2022 var plasseringane på totalt kr 278 mill. Aksjeeksponeringa er på totalt 7,2 % av porteføljene. I 2022 har plasseringane hatt ei negativ avkastning på kr 3,5 mill, noko som utgjer 1,23 %.

Eksponeeringa i aksjemarknaden for kapitalbehaldninga har vore låg og det gjer at tapa i 2022 er noko lågare enn om ein hadde hatt større aksjeeksponering. Samstundes så har det vært ein kraftig og rask renteauke, som gjer at ein også har nedgang i omløpsporteføljene. Inflasjon og kraftig oppgang i styringsrenta ga i 2022 dei største tapa i finansmarknaden sidan finanskrisen i 2008.

Øygarden kommune har som målsetjing at ein skal oppnå tilfredsstillande avkastning utan at kommunen tek vesentleg finansiell risiko. Forvaltning av kapitalfondet har i 2021 vore gjennomført i tråd med dette. Forvaltninga har vore utført av C WorldWide og DNB.

Fond

	Rekneskap 31.12. 2020	Rekneskap 31.12. 2021	Rekneskap 31.12. 2022
Disposisjonsfond	80 685 359	73 459 009	126 972 712
Bundne driftsfond	59 162 013	56 362 814	43 122 940
Ubundne investeringsfond	343 349 069	99 785 345	156 537 310
Bundne investeringsfond	29 031 913	50 265 431	36 792 462
Sum	512 228 354	279 872 599	363 425 423



Likviditet

	2020	2021	2022
Omløpsmidlar	1 156 302	1 083 394	1 212 269
Kortsiktig gjeld	397 464	538 276	618 380
Arbeidskapital	758 838	545 117	593 889
Likviditetsgrad 1	2,91	2,01	1,96
Likviditetsgrad 2	1,52	1,43	1,48
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	25,5 %	17,1 %	17,7 %

(tal i heile tusen kr)

Forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld vert kalla likviditetsgrad. Likviditetsgraden fortel noko om kommunen sin evne til å dekkja sine kortsiktige forpliktingar. Likviditetsgrad 1 (omløpsmidlar/ kortsiktig gjeld) bør vera over 2. For Øygarden kommune er dette nøkkeltalet redusert frå 2,01 per 31.12.2021 til 1,96 per 31.12.2022.

Likviditetsgrad 2 er forholdet mellom dei mest likvide omløpsmidlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide omløpsmidlane er kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar som er klassifisert som

omløpsmidlar. Likviditetsgrad 2 bør vera over 1. For Øygarden kommune er dette nøkkeltalet auka frå 1,43 per 31.12.2021 til 1,48 per 31.12.2022.

Likviditeten varierer mykje gjennom året. DnB var Øygarden kommune sin hovudbank i 2022.

Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Avsetnader og bruk av avsetnader					
Avsetningar til bundne driftsfond	1 547	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-1 953	0	0	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond	0	0	27 700	54 514	-26 814
Bruk av disposisjonsfond	-7 226	0	-1 000	-1 000	0
Netto avsetnader	-7 632	0	26 700	53 514	-26 814

Avsetningar til disposisjonsfond

Det er avsett kr 54,5 mill til disposisjonsfond. Av desse er kr 27,7 mill avsett til eige disposisjonsfond "Overskot Havbruksfondet" jf. KS-sak 127/22.

Bruk av disposisjonsfond

Det er brukt kr 1 mill av disposisjonsfondet jf. vedtak i KS-sak 088/22 "Status og fullmakt til 3. partsopplysningar - Trasé langs Vestprosess røyrledning".

KOSTRA hovudtall

	Øygarden 2021	Øygarden 2022	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Økonomi				
Frie inntekter i kroner per innbygger (B)	61 455	64 069	63 432	66 868
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	-0,1 %	1,4 %	1,6 %	2,7 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	71 820	75 392	95 167	93 929
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	86,6 %	87,5 %	100,4 %	93,1 %

Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud. Rekneskap	Kommentar
Aresta - Kryss del 2 m/kulvert	0	5 800	0	5 112 Sjå prosjekt 20181.
Aresta - Kryss ink. VA	1 000	29 665	0	4 318 Sjå prosjekt 20181.
Arseta - VA Rongøy - sentrumsplan	63 600	12 317	56 510	5 227 Arseta del 2 m/kulvert vert ferdigstilt i 2023 i samarbeid med Statnett og ny 300kV straumkabel.
Bibliotek på Straume	0	1 403	0	1 403 Ferdigstilt.
Bil sone Straume MMNF	1 000	197	1 000	197 Bilen vert levert i 2023.
Blomvåg Gravplass	2 000	32	1 967	0
Blomvåg infrastruktur	25 700	2 008	23 704	12 Sjå prosjekt 54034.
Blomvåg vest	0	19 957	0	19 262 54034 og 54035 er same prosjekt no. Vert ferdigstilt i 2023.
Blomvågen dagsturhytte	818	1 422	0	499 Dagsturhytta er oppført og opna opp for innbyggjarane. Gjenstår skilting.
Brannstasjon Nord - Dalsneset, ombygging	500	457	500	432 Moglegheitstudie avslutta. Prosjektet vert ikkje vidareført.
Brattholmen - overvatn	0	102	0	102
Brattholmen skule - oppgradering uteområde (5410)	0	354	0	293 Prosjekteringsfase med anleggsoppstart i 2023. Auka bevilgning ligg i inv.budsjettet for 2023.
Bu og servicesenter skifte dører i sluser	0	370	0	370 Ferdigstilt.
Celleteller, Fjell sjukeheim	125	0	125	0
Chromebooks	23 000	11 423	7 000	6 998
eHandel	450	4 410	450	4 410 Prosjektet er stoppa.
Ekerhovd skule Riving og tilrettelagging (4374)	0	392	0	392 Pågåande prosess. Anbudet har vore ute, signering av kontrakt i 2023.
El-skap utskifting	0	819	0	550 Pågåande prosess.
Energioptimalisering kommunale bygg	0	456	0	456 Pågåande prosess.
Fjell kyrkje, rehabilitering	39 000	1 722	12 000	1 722 Prosjektet vart lysa ut i markedet 24. februar 2023, med tilbudsfrist 30.mars. Planlagt oppstart utførelse juni 2023. Krav om meir omfattande kartlegging frå Riksantikvaren har forsinka framdrifta noko. Prosjektet jobbar mot ferdigstilling hausten 2024.
Foldnes skule	1 412	1 901	0	10
Foldnesvegen BT2	0	56 783	0	15 389 Sluttført. Gjenstår frådelingar og kostnader til dette.
FV 199 Forland	0	300	0	300 Ferdigstilt.
Gangveg FV Kolltveit vest (6736)	0	3 965	0	871
Gravemaskin, kyrkja	400	0	400	0 Midlane til kjøp av gravemaskin vert overført kyrkja 1. kvartal 2023.
Grønamyrsvegen - ombygging av sentrumsgate	60 000	404	35 000	404 Fase: forprosjekt for anbudsgrunnlag til totalentreprise. Oppstart anlegg våren 2023. Byggetid omlag 12 mnd.

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Kommentar
Grønapplassen	21 900	0	21 900	0
IKT investeringar	46 417	20 376	6 000	5 779
Infrastruktur	50 000	0	10 000	0 Utbyggingsavtaler.
sentrumsområde				
Inventar / utstyr	-	-	0	338 Ipad til reinhald.
Johannes Kleppevik	300	0	300	0 Tilskotet er ført i driftsrekneskapen slik rekneskapsreglane tilseier.
skulptur				
Kapitalinnskot i	13 500	13 500	13 500	13 500 Kaåitalinnskot vedtatt i KS-sak 104/22.
Naturgassparken Vest				
Kausland kyrkje - tak	3 574	3 403	171	0 Prosjektet er avslutta.
Kjøpmannsvågen -	5 500	3 018	2 497	16 Må vidareførast då avslutninga ikkje er slutført.
Parkeringsplass FV561				
Klp eigenkapitaltilskot	41 600	68 207	0	849 Eigenkapitalinnskot i 2022 gjeld sjukepleiarar som det er tariff-festa at skal ha pensjon i Klp.
Kolltveit skule,	8 000	1 407	8 000	1 407 Pågåande prosess, vart lyst ut på doffin dagen etter budsjett for 2023 vart veteke.
ombygging				
Kommunale kaier -	600	1 839	0	1 521 Kontinuerleg arbeid.
påkostning				
Kulvert/ busstopp -	12 500	6 413	12 294	6 207 Under arbeid, vert ferdigstilt i starten av 2023.
Idrettsvegen				
Landro gravplass	5 909	1 920	4 040	52 Skøyte på gravplassen er ferdig og eigedommen er overført til Øygarden kommune. Avventer skøyte på ein eigedom før grensejustering kan ferdigstillast.
Leikeapparat til Skogsvåg	0	782	0	782 Ferdigstilt.
skule				
Liljevatnet barnehage,	14 100	13 830	404	133 Prosjektet er avslutta. Liljevatnet er no bygd om med 6 stk. barnehageavdelingar, tilpassa øvingslokalar for kulturskulen samt administrasjonslokalar for både kulturskule og barnehage.
kulturskule - fase 2				
Lys terapibad	0	748	0	625 Ferdigstilt.
Miljøretta	0	3 198	0	1 426 Kontinuerleg arbeid.
helsevern(5410)				
Møblar NAV, nytt bygg	0	2 191	0	1 744
Grønamyrsvegen				
Ny paviljong Klokkekarvik	0	3 923	322	73 Prosjektet er avslutta.
barnehage				
Ny skule vestsida	297 500	1 669	11 813	982 Gjennomført forhandlingar om grunnerverv. Avventer klagehandsaming i saka.
Nytt datasystem	1 200	1	1 200	1 Prosjektet er forsinka og vert gjennomført i 2023.
barnevernet				
Ombygging av Bildøy	0	200	0	200 Prosjektet er satt på hald grunna naudsynte avklaringar knytt til prosjektet "Ny Fjell ungdomskule".
barnehage				
Ombygging Øyg.rådhus	7 500	6 160	7 500	6 160 Ombygging og tilpassing av lokalar for PPT tenesta i Øygarden rådhus. Ombygging er ferdigstilt, og PPT tenesta er flytta inn. Reklamasjonsarbeider gjenstår.
U.etg og 2. etg til PPT				
Ombygging/ rehab. bygg	95 000	0	30 113	0
Ombygging/rehab bygg	0	2 669	0	353 Ferdigstilt.
Oppgradering ventilasjon	0	532	0	532 Ferdigstilt.
Skjenet 2				

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud. Rekneskap	Kommentar
Opprusting kommunale vegar	12 974	1 871	11 421	318 Skal finansiera rundkøyring Sotra Arena. Sjå prosjekt 54038.
Parkering, veg og kai	0	2	0	2
Brattholmen skule				
Polden skule sanering	0	2 513	0	260 Ferdigstilt.
Porsvika fiskerihamn - lagerbygg	5 300	560	5 300	560 Prosjektering er i avsluttande fase. Prosjektet treng ei aukning i budsjett for å kunne bli utført. Dette er innarbeidd i budsjett 2023.
Rundkøyring Sotra Arena	0	3 559	0	3 559 Pågåande prosess. Vert finansiert av midlar i prosjekt 54036.
sal av Tveitane 13	0	10 000	0	10 000 Tveitane 13 skal seljast. Prosess pågår.
Samlepost samferdsletiltak	46 600	18 479	24 600	17 193 Kontinuerleg arbeid.
Sanering av Misje skule	0	30	0	30 Kontrakt signert og sanering er under utføring.
Skålevik idrettsanlegg	0	752	0	752 Ferdigstilt.
flomlys 2021				
Skålevik skule utviding	0	1 185	0	183 Ferdigstilt.
modulbygg 2021				
Snarveg til Varden frå Grønapplassen	3 150	0	3 150	0
Snusløyfe for buss - Torsvik	10 000	0	10 000	0
Spelemidlar - forskottering/innbetaling	-	-	0	7
Spildepollen barnehage, forprosjekt og bygging	48 159	39 298	3 701	1 215 Prosjektet er i garantiperiode. Prosjektet manglar ferdigattest pga. utfordringane kring Royal impregnert kledning. Prosess pågår for å få avklart dette.
Spildepollen skule, idrettshall, fotballbane, infrastruktur og turveg	4 870	4 220	1 065	34 Det gjenstår å etablere ei tribune ved fotballbana. Vert lyst ut snart.
Tednebakane - ombygging	10 138	21 548	10 138	19 188 Bygget/ombygginga er opna. Gjenstår mindre arbeider/innkjøp av inventar ol.
Teknisk servicebygg - Områdeutvikling sør	84 000	44 756	80 022	40 778 Bygget vil stå klart 31.05 i samsvar med opprinneleg framdriftsplan.
Tilstandskartlegging av bruksbygg	0	1 032	0	1 032 Ferdigstilt.
Tiltak på kunstgrasbanar - redusere granulatsvinn	0	240	0	240 Ferdigstilt.
Tranevågen ungd.skule	0	508	0	222 Ferdigstilt.
skallsikring m. alarm				
Utbetring Foldnes skule	0	2 831	0	2 455 Pågåande prosess.
Veglys, skifting til LED lys	2 000	499	500	0 Pågåande prosess.
Velferdsteknologi sjukeheim	20 000	1 910	10 544	1 038 Sjøast i samanheng med 20174. Velferdsteknologi på Tednebakane vert driftsett mars 2023. Pågår prosjektering knytt til Kvednatunet. Husbanken har ikkje tilskotsmidlar i 2023, så endeleg finansiering her vert å kome tilbake til.
Ventilasjon Kurssenteret	0	497	0	497 Ferdigstilt.

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Kommentar
Veten dagsturhytte	818	1 085	0	138 Grunnarbeid vert utsett til våren 2023, må ha ny runde for plassering grunna avslag frå statsforvaltar, mindre justering av plassering.
Vik kryss - Trafikksikring	1 584	959	625	0 Mogleg oppstart i 2023.
Toftøy FV 561				
ØLMS	0	1 759	0	30
Ågotnes idrettspark del 4 kunstgrasbane trimpark (4270)	0	14 198	0	4 482 Prosjektet er ferdigstilt.
Ågotnes idrettspark del 5 turveg (4271)	0	1 571	0	4 Prosjektet er ferdigstilt.
Sum	1 093 698	488 507	429 776	215 628

Totaloversikt drift - fordelt på tenesteområde

Beløp i 1000


Namn	Rev. bud. 2022	Rekneskap	Avvik i kr
Politisk	16 280	15 285	995
Kommunedirektør	83 238	83 483	-245
Finans og økonomi	101 456	95 620	5 836
HR og organisasjon	305 311	300 445	4 866
Helse og velferd	848 855	891 218	-42 363
Oppvekst	979 557	986 984	-7 427
Kultur og samfunn	278 006	315 078	-37 072
Finans	-106 962	-76 846	-30 116
Utgåtte ansvar	0	0	0
Sum tenesteområde	2 505 740	2 611 267	-105 527

Overordna mål og satsingar

Status og oppfølging av kommunale planar

24. mars 2022 vart samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden kommune vedteken.

Samfunnsdelen er det viktigaste styringsverktøyet til kommunen, og handlar om korleis vi skal utvikla tenestene og leggja til rette for god samfunnsutvikling dei neste 12 åra. Planen er utarbeida i samarbeid med innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, tilsette, folkevalde og andre aktørar.



Samfunnsdelen er bygd opp rundt fem hovudmål, som skildrar viktige satsingar for den langsiktige utviklinga av Øygarden kommune:

1. Øygarden er ein god stad å bu.
2. Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.
3. Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn.
4. Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn.
5. Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ.

Alle hovudmåla har tilhøyrande delmål og strategiar. Delmåla fortel korleis vi ønsker å ha det i framtida innanfor hovudmålet, medan strategiane handlar om kva vi må gjera for å nå måla våre. Det har vore ei viktig målsetting å utarbeida ein samfunnsdel som vert opplevd som relevant for heile øygaardssamfunnet, og som legg til rette for godt samarbeid med fleire viktige aktørar.

I samfunnsdelen er også kommunen sine overordna arealstrategiar vedteke,, med ei retning for korleis arealbruken vår skal hjelpa oss å nå hovudmåla og delmåla i samfunnsdelen. Senterstrukturen

er eit utbyggingsmønster med fire nivå, og er hovudgrepet i arealstrategiane

Korleis har vi følgt opp hovudmåla i 2022?

Under vert det gitt ei kort skildring av viktige satsingar i 2022 som bidreg til at vi når måla våre i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Øygarden er ein god stad å bu

I løpet av 2022 er det gjort viktige avklaringar og vedtak for utviklinga av fleire viktige utbyggingsområde i kommunen. Det er arbeidd blant anna med Skogsskiftet, for å sikra gode kvalitetar i eit viktig sentrumsområde for kommunen. Parallelloppdraget har også hatt stort fokus i 2022, for å utforska potensiale for sentrumsutvikling i Straume når Stovevatnet vert fylt igjen.

Arbeidet med bustadsosial temaplan og kultur-, idretts- og frivilligplan er også viktige bidrag for å realisera målsettingane om Øygarden som ein god stad å bu. Gjennom medverknadsarbeidet hausten 2022 har vi fått viktig innsikt i kva innbygarane våre er opptekne av for å skapa gode og attraktive lokalsamfunn, med variert bustadmasse og høg grad av trivsel og lokalt engasjement.

Innbygarane i Øygarden har god livskvalitet?

Gjennom 2022 er det arbeidd godt med barnevernsreforma, som også vert kalla oppvekstreforma. Det er gjort fleire grep for å sikra tidleg innsats og å leggja til rette for eit helsefremjande oppvekstmiljø for barn og unge i kommunen. Dette handlar blant anna om å styrka kvalitetsarbeidet i barnehage og skule, og å arbeida for enda betre samhandling i tenestene.

NAV Human er også eit viktig utviklingsprosjekt i regi av NAV Øygarden. Prosjektet er under vidareutvikling, og handlar om å utvikla gode metodikkar for å få fleire unge ut i arbeid og utdanning, og slik sett redusera utanforskap og bidra til livskvalitet.

Leve heile livet er ei anna reform som kommunen har arbeidd systematisk med i 2022. Det handlar både om å sikra ei samfunnsutvikling som legg til rette for at eldre kan leva eigne liv, men også gode tenester for dei som har behov for det.

Tilgang til nærturterreng og fritidstilbod er eit kontinuerleg arbeid, og som innbygarane våre er opptekne av. I løpet av 2022 vart det blant anna arbeidd med dagsturhytter og oppgradering av turløyper. Opninga av Livets portal på Grana var også ei viktig markering av prosjektet Nye perler i Nordsjøløypa.

Øygarden kommune er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn! 2022 er det gjort viktige avklaringar og vedtak i Energiparken nord i kommunen, der blant anna detaljreguleringa for Northern Lights II vart vedteke. Yara og Northern Lights inngjekk også avtale om karbontransport og lagring i 2022, noko som markerte ein viktig milepæl for utviklinga av karbonfangst, transport og lagring.

Gjennom arbeidet med Grøn Hub Vest har kommunen også starta arbeidet med å utforska nærare potensiale for industriell symbiose rundt viktige satsingsområde i det grønne skiftet. Dette gjeld både grøn skipsfart og hamn, akvakultur, karbonfangst-, utnytting og lagring, hydrogen og havvind.

Arbeidet med å flytta godshamna frå Dokken til Ågotnes har hatt stort fokus i 2022, til trass for at nødvendige avklaringar rundt finansiering manglar.

Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn


Som part i byveksttalen og deltaking i Miljøløftet er det arbeid målretta med mobilitet og transport, blant anna for å bidra til ei meir klima-, og miljøvenleg samfunnsutvikling. Det handlar både om haldningsskapande kampanjar for å få fleire til å gå, sykla og ta bussen, men også investeringar i infrastruktur som blant anna kulvert i idrettsvegen og gang- og sykkelveg på Foldnes. Det har også vore stort fokus på energieffektivisering av kommunale bygg, og å redusere eige fotavtrykk.

Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ

I 2022 er det gjort fleire store og mindre endringar for å realisere målsettingar og strategiar i samfunnsdelen knytt til kommunen som organisasjonen. HR er løfta som eit strategisk fokusområde, blant anna gjennom å skilja dette ut som eige kommunalsjefområde. Kommunikasjon og samhandling har hatt stort fokus, i tillegg til arbeidet med heilskapleg verksemdstyring for å sikre oppfølging og realisering av politisk retning og vedtak.

Oppfølging av politiske saker

Tabellen under viser tal på møte og saker i utval i 2020, 2021 og 2022. Totalt er det behandla 764 saker i 2022, mot 947 saker i 2021. Det har altså vore færre møter og saker i 2022.



Utval	Saker 2022	Tal møte 2022	Saker 2021	Tal møte 2021	Saker 2020	Tal møte 2020
Kommunestyret(KS) *	122	8	178	11	202	8
Formannskapet (FS) *	160	14	185	23	168	18
Utval for plan (UFP) *	187	10	204	14	91	10
Utval for samfunnsutvikling (UFS) *	52	8	66	8	73	7
Utval for tenester og levkår (UTL) *	82	9	124	8	96	9
Administrasjonsutvalet (ADMU)	27	5	33	6	42	7
Eldrerådet (ER)	42	7	51	8	49	6
Ungdommens kommunestyre (UKS)	46	8	56	8	42	7
Råd for personar med funksjonsnedsetjing (RFF)	46	7	50	8	36	6
Sum	764	76	947	94	799	78

Saker vert følgd opp av saksbehandlar i sakssystemet WebSak.

Det vert i 2023 jobba med løysingar for å leggja oppfølginga av dei største og viktigaste sakene inn i Framsikt, på same måte som verbalvedtaka i budsjettet.

* Øygarden kommune strømmar møta i fleire utval ved å nytta Aventura [kommune-TV](#). Her kan ein sjå møta «live» og i opptak, samstundes som ein kan sjå sakspapira. Dette er ein god service både til tilsette og innbyggjarane.

Status politiske vedtak (vervalvedtak)

Finans og økonomi

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Fullfinansiering av 10 senger på LMS		Ferdig	Handsama i KS-sak 064/22 revidert budsjett. Kr 1,1 mill vart bevilga.
KS-sak 177/21 Aksjonssenteret	Øygarden kommune Vidare opptrapping av aksjonssenteret vert å koma attende til i revidert budsjett	Ferdig	Handsama i KS-sak 064/22, revidert budsjett. Det vart lagt inn kr 800 000 til opptrapping, heilårsverknad kr 1,6 mill
KS-sak 177/21 Banedekke Straume idrettspark	Øygarden kommune Ein er positiv til å gje tilskot til nytt banedekke i Straume idrettspark. Finansiering blir vurdert på nytt i revidert budsjett.	Ferdig	Vart handsama i KS-sak 064/22 revidert budsjett. Saka vart ikkje prioritert.
KS-sak 177/21 Finansiering av fagbøker for grunnskulen	Øygarden kommune Ein kjem attende med finansiering av fagbøker for grunnskulen i revidert budsjett.	Ferdig	Vart handsama i KS-sak 064/22 revidert budsjett.
KS-sak 177/21 Fullfinansiering av overnattingsturane på Fjell festning	Øygarden kommune Ein kjem attende med fullfinansiering av overnattingsturane på Fjell festning for alle 5. klassar i samband med revidert budsjett.	Ferdig	Vart handsama i KS-sak 064/22 revidert budsjett. Kr 150 000 vart bevilga.
KS-sak 177/21 Klimakrav ved innkjøp av varer og tenester	Øygarden kommune Følgje opp samfunnsplanen ved at det skal stillast tydelege klimakrav ved innkjøp av tenester og varer i kommunal regii	Iht. plan	
KS-sak 177/21 Meirinntekter utover vedtatt budsjett	Øygarden kommune Meirinntekter utover vedtatt budsjett skal handsamast av formannskapet.	Iht. plan	

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
KS-sak 177/21 Resterande kostnader til 10. klassesettur	Øygarden kommune Resterande kostnader for 10. klassesettur til Polen blir løyvd i revidert budsjett juni 2022	Ferdig	Vart handsama i KS-sak 064/22 revidert budsjett. Kr 1 750 000 vart bevilga.
KS-sak 177/21 Retningslinjer for grøne innkjøp	Øygarden kommune Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide retningslinjer for grønne innkjøp.	Ferdig	Handsama i KS-sak 066/22, 16.06.2022

HR og organisasjon

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
KS-sak 177/21 Brukarundersøkingar	Det skal gjennomførast regelmessige og uavhengige brukarundersøkingar for å måle kvalitet i dei ulike tenesteområda.	Forsinket	Brukarundersøkingar blir gjennomført innom tenestene i Innbyggjartorg/ Service, vår 2023
KS-sak 177/21 Heiltidsstillingar	Opptappingsplan: for å må målet om heile faste stillingar i kommune. Det må utarbeidast ein opptappingsplan som for korleis ein kan nå målet om heile faste stillingar. Opptappingsplanen bør ha ein sluttdato for når målet skal vera nådd. Planen må sjåast i samanheng med felles vikar.	Forsinket	Tiltak som gjev betre heiltidskultur, er vert teke i vare som tema i fleire andre raskt kommande planar og strategiar i 2023: Lønspolitiskplan vår 2023, Rekruttere og behalde helsepersonell, vår 2023, HR-bemanning (vikarpool) vår 2023, og Arbeidsgjevarstrategi, haust 2023.
KS-sak 177/21 Vikarpool	Ber om at det kjem opp ei sak om den kommunale vikarpoolen, jamfør budsjettvedtak i 2020, og innretning av denne	Forsinket	Det er planlagt sak HR- bemanning (vikarpool) før sommaren 2023.

Helse og velferd

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
KS-sak 177/21 BPA (borgarstyrt personleg assistanse)	Øygarden kommune Ordninga BPA (borgarstyrt personleg assistanse) skal gjennomgåast med sikte på å opprette ei kvalitetsnorm også for desse tenestene.	Iht. plan	Brukarundersøking starta opp ultimo 2022 og vert ferdigstilt februar 2023. Kvalitetsnorm vert følgt opp med tilbakemelding til politisk nivå.
KS-sak 177/21 Brukar- og pårørandeutval for omsorgstenesta	Øygarden kommune Det skal etablerast eit brukar- og pårørandeutval for omsorgstenesta.	Ferdig	Saka er politisk vedtatt og medlemmer er valt. Første møte var i november 2022.

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
KS-sak 177/21 Nye rus- og psykiatribustader	Snarast setje i gong arbeid med å kartlegge behovet for nye rus- og psykiatribustader, samt lokalisering av desse.	Ikke startet	Vert følgt opp gjennom bustadsosial handlingsplan som skal til politisk behandling juni 2023.

KS-sak 177/21 Varig tilrettelagte arbeidsplassar for menneske med nedsett funksjonsevne	Øygarden kommune Setje i gong eit arbeid for å stimulere til nyskaping av varig tilrettelagte arbeidsplassar for menneske med nedsett funksjonsevne.	Ferdig	Nav har ansvar for å følgja opp vedtaket. Det er tilsett ein person for å sikra rett kompetanse for dette arbeidet.
--	--	--------	---

Oppvekst

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
KS-sak 177/21 Psykososialt miljø i skulane	Øygarden kommune Det psykososiale miljøet på skulane skal styrkast ved å byggja vidare på modellen med fleire yrkesgrupper rundt eleva	Iht. plan	Gjennom målretta rekruttering får vi inn fleire yrkesgruppa i skulemiljøet, det er mellom anna tilsett vernepleiar på ein av barneskulane i 2022. Dette gjennomførast gjennom endra rekruttering når det er naturleg avgang.

KS-sak 177/21 Sosial samling med overnatting for alle 8. klassar	Øygarden kommune Alle 8. klassar skal ha ei sosial samling med overnatting utafor skulen i første del av skuleåret for å byggje eit godt samhald i klassen.	Ferdig	Overnattingssamlingar for 8.klasse var gjennomført hausten 2022 på alle 4 ungdomsskulane.
---	---	--------	---

KS-sak 177/21 Styrka samarbeidet mellom lokale bedrifter og ungdomsskulen	Øygarden kommune Arbeidsliv: Styrka samarbeidet mellom lokale bedrifter og ungdomsskulen/skuleelevar for å få fleire unge til å velje yrkesfag gjennom lærlingeordninga	Forsinket	
--	---	-----------	--

KS-sak 177/21-2	Øygarden kommune Ressursane til spesial-pedagogisk undervisning skal endrast til i større grad å vere retta mot brei og tidleg pedagogisk innsats i barnehage og tidleg barneskule.	Iht. plan	Det er i 2022 gjennomført endringar knytt til organisering av spesial-pedagogiske vedtak, som vil gje effektar knytt til prioritering av tidleg innsats i barnehagane.
------------------------	---	-----------	--

KS-sak 177/21-3 Tidleg innsats	Øygarden kommune Det skal satsast meir på tidleg innsats frå 1. til 4. klasse, og prioritere at alle elevar skal læra seg å lese, skrive og rekne.	Ferdig	Ny tildelingsmodell lagt opp til at ressurstildelingen vert større i 1.-4. trinn. enn for 5.-7. trinn. Gruppestørrelse 1.-4. trinn er 15 ellevar og 20 elevar for 5.-7.trinn.
---------------------------------------	--	--------	--

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			Ressursane er retta mot tildelt til tilpassa opplæring og tidleg innsats i staden for spes.ped.
			Hausten 2023 vil ein vidare styrka tildelinga av ressursar knytt tiil tidleg innsats og tilpassa opplæring, som er i tråd med BDO rapporten hausten 2022.

Kultur og samfunn

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
KS-sak 177/21 Klimarekneskap og bærekraftrapport	Kommunestyret ber kommunedirektøren innføre klimarekneskap og bærekraftrapport i årlig budsjett- og regnskapsrapportering.	Ikke startet	Det vil frå 2023 setjast av ressursar til koordinering av klima og miljøarbeidet i kommunen og arbeidet med klimaregnskap prioritarast i 2023.
KS-sak 177/21 Kollektivtilbodet i kommunen	Øygarden kommune Styrke arbeidet med å auka kollektivtilbodet i heile kommunen, herunder arbeide for eigne interne bussruter i kommunen, gjerne gjennom prøveordning med bestillingsteneste i samsvar med prosjekt andre stader i landet.	Ferdig	Det er kontinuerleg dialog med Skyss for å få til løysningar som bidrar til å redusere personbiltrafikken.
KS-sak 177/21 Nye offentlege bygg skal vera energieffektive og tilpassa nye klimakrav	Setje fokus på arbeidet med å sikre at nye offentlege bygg er energieffektive, og tilpassa nye klimakrav.	Ferdig	Interne rutinar sikrar at nye bygg skal vere energieffektive og tilpassa klimakrav.
KS-sak 177/21 Ombygging og rehabilitering av bygg og anlegg	Øygarden kommune I investeringspunktet "ombygging ig rehabilitering av bygg og anlegg" skal delar av summen gå til nødvendig rehabilitering av Fjell ungdomsskule og leikeområde for Skogsvåg skule.	Ferdig	Leikeområde på Skogsvåg skule er ferdigstilt. Prosjekt for Fjell ungdomsskule arbeidast vidare med i 2023.
KS-sak 177/21 Solcellepanel på rådhuset	Øygarden kommune Klima og berekraft: Greia ut mulegheita for å investere i solcellepanel på rådhuset med sikte på å redusera strømkninga og frigjere kraft til andre føremål.	Forsinket	Blir svart ut i første kvartal 2023.

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
KS-sak 177/21 Tilskot til lysfestivalen	Øygarden kommune Tilskot til lysfestivalen føreset at det skal stå att ein eller fleire installasjonar som er synleg for dei som ferdest i området.	Forsinket	Tilskot er gjeve, venter på rapport frå arrangør før oppdraget kan ferdigstillast.
KS-sak 177/21 Utbygging av seniorbustader	Øygarden kommune Det skal stimulerast til utbygging av seniorbustader i lokalsenter, kommunedelsenter og kommunesenter. Dette bør vera bustader som legg til rette for fellesskap, og som mellom anna kan forhindre einsemd og slik også styrke folkehelsa.	Ferdig	Det har vore dialog med Vest næringsråd om ønskje om å leggje til rette for seniorbustader i kommunedelsentra. Planavdelinga har og tatt dette inn internt arbeid for å sikre at det blir vurdert i planarbeidet som gjeld sentrumsområda.
KS-sak 177/21 Styrke arbeidet for å auke omdømme og kunnskap om regionen	Øygarden kommune Kommunen skal ta initiativ til at ein saman med Vest Næringsråd styrkar arbeidet for å auke omdømme og kunnskap om regionen.	Ferdig	Kommunen har dialog med Vest Næringsråd om dette og det arbeidast kontinuerlig med temaet.

Verksemdsstyring og internkontroll

Etikk og varsling

Etiske retningslinjer

Jf. kommunelova § 14-7 d skal det gjerast greie for planlagde og gjennomførte tiltak for å sikra høg etisk standard i kommunen.



Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Øygarden kommune vart vedteke av kommunestyret 21.11.2019 i KS-sak 018/19. Målet med Øygarden kommune sine etiske retningslinjer er å sikra ein god etisk praksis med ein standard som gjer at innbyggjarane har høg grad av tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar. Kommunen sitt samfunnsansvar er å forvalta fellesskapet sine midlar på ein måte som samsvarer med lover og reglar. Måten dette samfunnsansvaret vert teke vare på er viktig for kommunen sitt omdømme. Det vert difor stilt høge krav til etiske haldningar hos dei som handlar på vegne av kommunen, både som folkevalde og som tilsette.

I 2022 gjennomførte Deloitte på oppdrag frå kontrollutvalet ein forvaltningsrevisjon i høve internkontroll i Øygarden kommune, som m.a. avdekket at mange tilsette ikkje er kjend med dei etiske retningslinjene. Vidare har Kommunesektoren sitt etikkutval kome med nokre generelle råd knytt til spørsmål og problemstillingar ang. habilitet og gråsoner. KS (Kommunesektorens organisasjon) har også kome med nokre tilrådingar om kva dei etiske retningslinjene bør innehalde.

For å ta i vare etikkutvalet sine generelle råd om habilitet, KS sine tilrådingar til innhald, samt tilbakemeldingar frå forvaltningsrevisjonen, gjennomførte kommunedirektøren i 2022 eit arbeid med å revidere dei etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Øygarden kommune.

Framlegg til reviderte etiske retningslinjer vil bli lagt fram til politiske handsaming i kommunestyret i løpet av våren 2023. Vidare vil administrasjonen sin praktisering av etiske retningslinjer vere tema i leiarutviklingsprogram og styringsdialog i 2023.

Varsling

Øygarden kommune ynskjer ein open ytringskultur med høg toleranse for ulike oppfatningar og låg terskel for å seie frå om kva ein oppfattar som kritikkverdige tilhøve. Både dei etiske retningslinjene og varslingsrutinen ligg lett tilgjengeleg for dei tilsette på kommunen si intranettside og i kvalitetssystemet. Øygarden kommune er medlem av Transparency International Norge (antikorrupsjon).

I 2022 var det 7 varsel om kritikkverdige tilhøve i Øygarden kommune, medan det i 2021 var 8 varsel.

Deloitte sin forvaltningsrevisjon i høve internkontroll i 2022 avdekkar at trass i ei føremålstenleg varslingsrutine, er det fleire leiarar som opplyser at dei ikkje er kjend med korleis varsel skal følgjast opp. Vidare kom det fram at nokre tilsette som har observert kritikkverdige tilhøve, ikkje har varsla om dette m.a. av frykt for represalier/ gjengjelding, samt erfaringar med at tidlegare varsel ikkje har blitt handtert på ein god måte.

I 2023 skal Øygarden kommune iverksetta tiltak for å sikre at varsel blir handtert i samsvar med relevante lovkrav og kommunen sine eigne rutinar på området. Det er m.a. planlagt opplæring av leiarar i handtering av varsel, og alle einingar skal ha temaet varsling på personalmøte minst ein gang årleg.

Verdiar


Øygarden kommune sine verdiar er:

- Tilgjengeleg
- Raus
- Kompetent
- Løysingsfokusert

I dei reviderte etiske retningslinjene som kommunedirektøren vil leggja fram til politisk handsaming i 2023, vil det bli fremja forslag om nye verdiar til Øygarden kommune, som er eit resultat av prosessar som vart gjennomført i 2022 med leiarar, tillitsvalde og arbeidstakarorganisasjonane.

Styring og rapportering

Figuren nedanfor illustrerar styringsdokument og rapporteringssystem i Øygarden kommune:



Utført arbeid

Kommunestyret vedtok i KS-sak 153/20 planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023. Den 16.06.2022 vedtok kommunestyret revidert kommunal planstrategi for Øygarden kommune 2020 - 2023 (KS-sak 073/22).

Øygarden kommune sin samfunnsdel for 2022 - 2034 vart vedteke i kommunestyret 24.03.2022.

I 2022 vart det arbeidd systematisk i økonomiplan- og budsjettarbeidet i høve kva mål og strategiar frå samfunnsdelen, som skal prioriterast inn og utførast i inneverande økonomiplanperiode. Vidare vart det i økonomiplanen kome fram til føremålstenlege indikatorar.

Følgjande skal arbeidast med i 2023


- Systematisk heilskapleg verksemdsstyring er ei eiga satsing også i 2023 og er framleis organisert i eit eige prosjekt
- Prioriterte mål og strategiar er i økonomiplanen konkretisert i oppdrag, som er delegert ut i organisasjonen og er einingane sitt grunnlag for arbeid med verksemdsplan for 2023.
- Administrasjonen skal rapportera kvartalsvis på alle oppdraga, som inkluderer verbalvedtak og politiske tilleggsbestillingar.
- Administrasjonen skal rapportera årleg på dei vedtekne indikatorane i økonomiplanen.

Kvalitetssystemet

Kvalitetssystemet er eit av dei viktigaste verktøya til kommunen for å oppfylle krava om internkontroll i kommunelovas § 25-1. Krava pålegg kommunedirektøren å sørgja for internkontroll som er tilpassa organisasjonen sine verksemdar. Slik skal ein sikra at lov og forskrifter vert følgd og at dette er dokumentert i den form og omfang som er naudsynt.


Deloitte gjennomførte i 2022 forvaltningsrevisjon av internkontroll på vegne av kontrollutvalet. Deloitte skriv i rapporten at dei tilgjengelege modulane i kvalitetssystemet kan bidra til å styrkja internkontroll dersom desse vert teke i bruk. Det er gjennomført opplæring i alle modular


(dokumenthandtering, avvikshandtering, ROS og årshjul) og fordeling av tal webinarar per modul er framstilt i skjema under;



Føremålet med kvalitetssystemet er internkontrollarbeid. Det betyr at tilsette og leiarar skal ha god tilgang til informasjon som er viktig for kvaliteten i eiga jobbutøving, og at den skal vere oppdatert og tydeleg utforma.

I 2022 var det registrert ca. 4000 brukarar av kvalitetssystemet i løpet av heile året og totalt 36 921 innloggingar. Dette er ei forbetring på ca. 58% frå 2021. Diagramma under syner tal innloggingar i systemet fordelt på 2020 - 2022 månader i 2022.





Avvik


Det vart registrert totalt 3884 avvik i 2022 mot 3358 i 2021. Dette er ei auke på om lag 16,7% frå året før.

Ingen avvik kan lukkast utan at det vert sett inn kommentarar og tiltak. I 2022 var 95,8% av alle avvik lukka. I 2021 var 93,6% lukka.


Avvik knytt til HMS er gjort greie for i kapittelet «kommunen som arbeidsgjevar»

Diagramma under syner tal avvik i fordelt på ulike overordna kategoriar

2020-2023 FORDELT PÅ KATEGORIER



2022 - FORDELT PÅ KATEGORIER



Tal avvik fordelt på kommunalsjefsområda

Tabellen under viser tal avvik fordelt på dei ulike kommunalsjefområda per måned

	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Sum 2022
Finans og økonomi	4	7	6	4	6	5	4	3	6	5	0	0	50
HR og organisasjon	1	3	9	4	12	7	1	8	11	18	15	12	101
Helse og velferd	128	121	138	165	187	187	126	187	188	189	259	254	2129
Kultur og samfunn	12	4	5	5	13	9	2	6	3	5	9	7	80
Oppvekst	104	101	87	86	113	92	14	68	249	200	236	173	1523

Statistikk frå kvalitetssystemet viser at det er store variasjonar i praksis for å melda avvik både mellom kommunalsjefområda og innan same kommunalsjefområde med samanliknbare einingar. I internkontrollrapporten til Deloitte som vart slutført i 2022, kom det fram at 77,9% av dei tilsette som var spurd, hadde kjennskap til systemet for å melda avvik. Varierende bruk kan skuldast manglande god rapporterende kultur og manglande opplæring/verktøy til å melda avvik

Viktige erfaringar

Oppsettet i kvalitetssystemet gjorde det krevjande for meldar å sjå samanheng mellom innmeldt kategori og rett alvorsgrad. Difor vart det ofte lagt inn høgare alvorsgrad enn det som var reelt - sett i forhold til kriteria. For å betre brukargrensesnittet har ein i 2022 endra rettleiinga innan alvorsgrad i oppbygging av systemet, slik at kategoriane for alvorsgrad samsvarer med den meldte kategorien for avvik. Erfaringar syner at det no er langt fleire avvik meldt på låg kategori enn året før.

Det må framleis arbeidast med ein god rapporterende kultur i kommunen. Ansvar for å lære opp tilsette i å melda avvik ligg til næraste leiar.

ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse)

I 2022 vart det i mindre grad gjennomført risikovurderingar i Øygarden kommune. Dei risikovurderingane som vart gjennomført var hovudsakleg innan tema som HMS og beredskap. Internkontrollrapporten til Deloitte påpeiker at det er få døme på risikovurderingar av tenestekvalitet, regeletterleving, måloppnåing eller liknande.

Det er utarbeidd malverk i 2022 for ROS innan

- Overordna HMS
- Forsvarlegheitsvurdering arbeidstidsordning
- Vald og truslar (revidert)
- Ergonomi (revidert)
- Kjemikaliar

Følgjande skal arbeidast med i 2023

- Kvalitetshandbok/metode for internkontroll i Øygarden kommune
- Halda fram arbeidet med å få god kultur og praksis på kva som er eit avvik i vår kommune.
- Følgja opp tilrådde punkt frå internkontrollrapporten til Deloitte.
- Opplæring/prosessrettlegg ROS
- Utarbeida fleire malar for ROS analyser
- Vidareutvikling av kvalitetssystemet

Samfunnstryggleik og overordna beredskap

Overordna beredskapsplan

Overordna beredskapsplan for Øygarden kommune - administrativ del, vart vedteke i kommunestyret 17.02.2022. Kommunedirektøren har fullmakt til jamleg å oppdatere planen.

Uønskte hendingar der kommunal kriseleiing har vore etablert

Den kommunale kriseleiinga (forkorta til KKL) er eit leiingsapparat som vert etablert i krisesituasjonar og ved andre uønskte hendingar, der den ordinære kommuneorganisasjonen ikkje er eigna til å ta hand om den/ dei aktuelle hendingane. KKL har også utvida fullmakter til å treffa avgjerd for å avverja og/eller avgrensa/utbetra skade når det vert vurdert som nødvendig. I 2022 har KKL vore etablert knytt til følgjande hendingar:

Krig i Ukraina

- Gjennomført møter internt i kommunen knytt til flyktningar, frå Helse og velferd og Oppvekst knytt til lokalisering.
- Dialog opp mot sentrale styresmakter og rapportering på vegne av kommunen.
- Oppdatera og vidareutvikla planverk knytt til høgaktuelle problemstillingar.
- Auka fokus på informasjonstryggleik og personvern.

Pandemihandtering

Sjølv om COVID19 pandemi ikkje er like aktuell i mediebildet lenger, er det framleis eit høgaktuelt tema. Krisa har også gjort fokuset på framtidige pandemiar større og medført auka fokus på førebuing og klargjering av ressursar og planar.

Lokale hendingar

Drunningsulukke Hjeltefjorden arena

Bidrakt inn mot kriseleiing og mot partar knytt til druningsulukka i Hjeltefjorden Arena 9 april 2022.

Dødsulukke Torsvik

14 juni 2022 var det ei alvorleg ulukke i Torsvik område som resulterte i eit dødsfall. KKL var her involvert i store delar av prosessen frå kommunen vart varsla og i dagane framover.

Anna arbeid

- Gjennomført opplæring i krisehandtering og fagsystem (dsb cim) for faste medlemmar i KKL.
- Delteke i møte med mellom anna Øyvar og Øygarden brann og redning (ØBR) knytt til beredskap.
- Delteke på øving om forureining av kyst saman med ØBR, Bergen Brannvesen og interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA), mellom anna med ressurs til loggføring for øvinga.
- Har hatt tett dialog opp mot Sotralink knytt til bruprosjekt, spesielt knytt opp mot lokal beredskap.
- Beredskapsøving på Kollsnes saman med Equinor.
- Oppdatert krisehandteringsløysninga og arbeid med vidareutvikling av innhald.
- Foredrag for Sota VGS klasse om samfunnstryggleik og beredskap.

Følgjande skal arbeidast med i 2023

- Kompetanseheving i kommunal kriseleiing i bruk av digitalt krisehandteringsverktøy
- Etablera rutine for behandling av sikkerheitsgradert informasjon i Øygarden kommune
- Gjennomføra 4 øvingar årleg for KKL
- Oppdatera operativt beredskapsplanverk.
- Delta på øvingar i regi Statsforvaltar Vestland.
- Gjennomføra revidering av Kommuneros
- Drift og utvikling av beredskapslager
- Laga plan for felles samarbeid med Øygarden brann og redning for å løyse beredskapsoppgåver knytt til samfunnstryggleik

Statleg tilsyn

Det er gjennomført følgjande statlege tilsyn i dei ulike kommunalsjefsområda i 2022:

Oppvekst:

- Skulemiljø (jf. opplæringslova) - tilsyn frå Statsforvaltaren

Kultur og samfunn:

- Forureining knytt til kunstgrasbanar - tilsyn av Statsforvaltaren

Finans og økonomi:

- Offentlege oppdragsgivarar ang. løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar - tilsyn frå Arbeidstilsynet

Resultat frå tilsyna

Oppvekst

Tilsyn med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø – Ågotnes skule:

Under tilsynet vart det utarbeidd nye rutinar, prosedyrar og malar etter varsel om vedtak med pålegg om retting frå Statsforvaltaren. Statsforvaltaren vurderte at forholda det vart peika på i førebels rapport var retta, og det vart difor ikkje fatta vedtak med pålegg om retting.

Statsforvaltaren peika på at dei nye malane, rutineane og prosedyrane dannar i samanheng eit heilskapleg og systematisk styringsverktøy. Det vart vurdert at kommunen sitt internkontrollsystem er tilpassa for å førebyggja og hindra brot på pliktene til å varsla, undersøka, setja inn tiltak og dokumentera. Kommunen sitt system legg til rette for å avdekka og følgja opp avvik med korrigerande tiltak, for å hindra eller førebyggja risikoen for at pliktene ikkje blir oppfylt.

Kultur og samfunn

Forureining knytt til kunstgrasbanar - tilsyn av Statsforvaltaren

Det vart avdekka eit avvik: Kommunen har ikkje gjennomført nødvendige tiltak for å førebyggja og hindra utslepp av plasthaldig fyllmateriale frå idrettsanlegg

Øygarden kommune har iverksett tiltak for å lukka avviket:

- Banar som er etablert etter 1.Juli 2021 har utstyr på plass for å hindra spreiding av granulat (gjeld 7&9ar banen på Ågotnes). Her er det m.a. montert opp informasjonsskilt, sett opp kostestasjonar, etablert snødeponi, filter over kummer for å filtrera ut granulat m.m.
- Miljørisiko er ikkje kartlagd enda, dette skal sjåast nærare på.

Forhold det må arbeidast vidare med i forhold til Statsforvaltaren sine observasjonar:

- På tilsynstidspunktet var det ikkje kartlagt tal, typar og tilstand for ballbingar/ball-løkker.
- Manglar knytt til snødeponi: Kommunen kjem til å overta all snømoking av kommunale banar, kor ein da vil ha kontroll på eigne snødeponi og tilbakeføring av utmoka granulat.

Finans og økonomi:

Offentlege oppdragsgivarar ang. løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar - tilsyn frå Arbeidstilsynet

I tilsynet fann Arbeidstilsynet at Øygarden kommune sine rutinar for kontroll og oppfølging av kontraktar mht. lønns- og arbeidsvilkår ikkje var tilstrekkeleg gode. Arbeidstilsynet sendte derfor varsel om pålegg, der dei bad kommunen sende inn følgjande dokumentasjon:

- Dokumentasjon som viser at Øygarden kommune har starta arbeidet med implementering av rutinar for at ein gjennomfører nødvendig kontroll av om krava til lønns- og arbeidsvilkår vert overheldt
- Dokumentasjonen må innehalde en tids- og arbeidsplan for implementering

I svaret til Arbeidstilsynet opplyste Øygarden kommune at m.a. følgjande tiltak var planlagt eller gjennomført:

- Utarbeiding av ny rettleiar/ rutine
- Forankring i ny anskaffingsstrategi
- Årlege stikkprøvekontrollar av utvalde kontraktar i kommunen sitt kontraktsregister
- Etablere eit innkjøpsnettverk i kommunen, kor lønns- og arbeidsvilkår vil vera eit prioritert tema.
- Plan for implementering av den nye rutinen.

På bakgrunn av denne tilbakemeldinga vurderte Arbeidstilsynet at kommunen hadde laga ein god plan for implementering av rutinar for å sikre at kontrollplikten for lønns- og arbeidsvilkår blir overheldt, og avslutta saka i desember 2022.

Planlagde tilsyn for 2023

Jf. den nasjonale tilsynskalenderen skal det gjennomførast tilsyn knytt til følgjande tema i Øygarden kommune i 2023:

- Arbeidsmiljø
- Vatnforsyningssystem
- Kommunen som miljømyndigheit
- Utdanning
- Sosiale tenester

Forvaltningsrevisjonar

Kontrollutvalet sine forvaltningsrevisjonar er eit verkemiddel kontrollutvalet har for å ivareta kommunestyret sitt tilsynsansvar ovanfor administrasjonen. Forvaltningsrevisjonar gir dei folkevalde moglegheit til å følgja opp at politikk og prioriteringar gir ønska resultat i kommunen si forvaltning og tenesteproduksjon.

Kommunedirektøren legg vekt på at funn frå forvaltningsrevisjonar vert brukt til læringsføremål og forbetringsarbeid i organisasjonen. Kontrollutvalet si verksemd, revisjonen og kommunedirektøren si internkontroll utgjør heilheita i kommunen sin eigenkontroll.

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 i kommunestyremøte 17.12.2020. Planen inneheld 14 prioriterte og 14 uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt. Kontrollutvalet har i 2022 starta arbeidet med evaluering av planen i samsvar med pkt. 5 i kommunestyret sitt vedtak 17.12.2020. Rullert plan skal, etter planen, til behandling i kontrollutvalet sitt første møte i 2023.

Kontrollutvalet behandla forvaltningsrevisjonsrapporten knytt til plan- og byggesakshandsaming (gjennomført i 2021) 14.02.2022 i sak PS 5/22. Kommunestyret behandla rapporten 24.03.2022, og vedtok kontrollutvalet si innstilling i KS-sak 012/2022. Kontrollutvalet behandla oppfølging av rapporten to gonger i 2022, 10.06.22 og 30.11.22.

Forvaltningsrevisjon innan internkontroll

I 2022 gjennomførte Deloitte på oppdrag frå kontrollutvalet ein forvaltningsrevisjon i høve internkontroll i Øygarden kommune. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vart behandla av kontrollutvalet 29.11.2022. Innstillinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteken av kommunestyret 14.12.2022 i KS-sak125/22.

Planlagde forvaltningsrevisjonar i 2023

Jf. plan for forvaltningsrevisjon 2022-2024 skal det gjennomførast forvaltningsrevisjon av tverrfagleg samarbeid i tenester til barn og unge i 2023.

Personvern og GDPR

I 2018 vart nytt lovverk for behandling av personopplysningar gjeldande. Dette regelverket stiller langt strengare krav til verksemdar om å ha oversikt over sine behandlingar av personopplysningar. Auka digitalisering krev også auka fokus på personvernet og kompetanse på området, slik at kommunen kan vera trygg på at ein følgjer dei krava som er nødvendige innanfor regelverket.

Avvik/ personvern

Det er viktig å avdekka avvik for å få oversikt over sårbarheiter og dermed også kunne forbetre oss. Innbyggjarar skal også ha tillit til at kommunen behandlar deira personopplysningar på ein sikker måte. Avvika vart nytta til læring i organisasjonen, og for å få auka fokus på temaet i kvardagen til alle tilsette i kommunen.





Diagramma under viser meldte avvik når det gjeld informasjonstryggleik og GDPR i 2021 og 2022:



Ut frå statistikken kan ein sjå at det har vore ei nedgang i avvik knytt til personvern og informasjonstryggleik. Noko av bakgrunnen for denne endringa er ein del feilregistreringar i 2021 knytt til teamet, samt at dei ulike einingane har blitt flinkare til å arbeida førebyggjande.

Meldingar til datatilsynet

Avvik som gjeld personvern og informasjonstryggleik, kor det er sannsynleg at brotet kan føre til risiko for dei registrerte sine rettar og fridomar, skal meldast til Datatilsynet. Slike meldingar har ein meldefrist på 72 timar. Kommunen har i løpet av 2022 meldt inn 19 saker. I 2021 vart det meldt inn 9 saker og i 2020 13 saker.

År	Meldingar datatilsynet
2022	19
2021	9
2020	13

Eininga Tryggleik har koordinert arbeidet med innsending, innhenta informasjon frå tenester og hatt dialog med Datatilsynet i sakene. Alle meldingane vart lukka utan pålegg frå Datatilsynet, men med påpeiking av viktigheita av gode rutinar for behandling av personopplysningar.

Utført arbeid

- Gjennomført 5 risikovurderingar (ROS) knytt til personopplysningar og informasjonstryggleik
- Fått på plass 30 behandlingsprotokoller i det digitale systemet Ardoq
- Gjennomført 4 personvernkonsekvensvurderingar (DPIA)
- Fått vedteke og tatt i bruk styringssystem for informasjonstryggleik og GDPR
- Gjort rutinar og rettleingsmateriell lett tilgjengeleg i kvalitetssystemet Compilo

- Gjennomført første møte i personvernutvalet til kommunen
- IKT reglement er etablert og vert sendt ut for signering årleg

Følgjande skal arbeidast med i 2023

- Opplæring, bevisstgjerings og modenheitsarbeid i organisasjonen knytt til personvern og informasjonstryggleik
- Sikra personvern knytt til Integrasjon mellom cosdoc og kvalitetssystemet for melding av avvik
- Førebu seg på at kommunen skal å ta på seg personvernombod rolla frå 2024
- Tryggleiksmånaden i oktober vert etablert som eit fast innslag i arbeidet med informasjonstryggleik i kommunen.
- Sikra at kommunen er i tråd med personvernregelverk knytt til anskaffing av og/eller etablering/endring av system. Kjente større system under arbeid i 2023:
 - Nytt system for helsestasjon
 - Nytt skuleadministrativt system
 - Velferdsteknologi/Velferdsteknologisk knutepunkt
 - Dips Samspill
 - Hallmonitor
 - Meiopent bibliotek

Digitalisering

Framtidas utfordringar og strammare økonomiske rammer vil krevja nye arbeidsprosessar og ny teknologi. Øygarden kommune må møte utfordringane gjennom kunnskapsbasert utvikling, innovasjon og digitalisering innanfor alle tenesteområde. Kommunen sin tilgang på og bruk av kompetanse vil vera avgjerande for å kunne levera gode og effektive tenester.

Digitalisering betyr å nytta teknologi for å forenkla, fornya og forbetra tenestene. Det kan føre til endringar i organisering, ansvarsplassering, arbeidsprosessar og bemanning. Digitalisering handlar difor like mykje om endringsleiing, kompetanse- og utviklingsutvikling og ressursforvaltning, som teknologi.

Utført arbeid

- I samband med ny intern organisering er det etablert eit eige internt nettverk i kommune for digitalisering og innovasjon. Nettverket er samansett av ressurspersonar frå alle område og har som mål å arbeida med mål, strategi, endringar og behov.
- Kommunen har som mål å ta i bruk nasjonale felleskomponentar. I 2022 tok kommunen i bruk KS FIKS folkeregister. Alle fagsystem som har integrasjon mot folkeregisteret er no integrert mot ny nasjonal felleskomponent.
- Det er gjennomført konkurranse knytt til nytt barnevernssystem. Kontrakt er tildelt og ein arbeidar med å få implementert nytt fagsystem for barnevernstenesta.
- Det er starta prosess for å gjennomføra anbod for nytt fagsystem for helsestasjon og skule/barnehage. Dette er prosessar ein arbeidar vidare med inn i 2023.
- Det er gjennomført utbygging av velferdsteknologi på Tednebakane.
- Det er gjennomført utskifting av 1700 Chromebooks i skulen
- Det er gjennomført utskifting og fornying av audiovisuelt utstyr i 20 klasserom

- Det er gjennomført generell utskifting av IKT utstyr i form av møterom, PC, skjerm osv.

Følgjande skal arbeidast med vidare

- Deltaking i DigiVestland. Vera bidragsytar innan dei ulike faggruppene for å gjera digital utvikling enklare gjennom samarbeidet DigiVestland legg opp til.
- Ta i bruk nytt barnevernssystem og ivareta historisk materiale frå systemet som vert avvikla.
- Gjennomføra anbod for nytt fagsystem for helsestasjon, skule/barnehage og legeteneste.
- Ta i bruk nye nasjonale felleskomponentar som DigiHelse, DigiHelsestasjon, Nasjonal portal for bekymringsmeldingar, Kjernejournal, Velferdsteknologis knutepunkt, FIKS arkiv m.m.
- Fortsetja arbeid med digitalisering av eldre byggesaksarkiv

I samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034 er ein av strategiane at vi skal ta i bruk nye teknologiske, brukarvenlege og digitale løysingar. Kommunalsjefområde Finans og økonomi vil vera leiande i digitaliseringa av organisasjonen.

Digitale verksemdsplanar og velferdsteknologi er døme på digitalisering og forbetring av prosessar som igjen skal føra til effektivisering av organisasjonen.

Kommunen som arbeidsgjevar

Bemanning

Øygarden kommune starta ny kommune med 2 420 årsverk. I budsjettet for 2023 er bemanninga redusert til 2 343 årsverk. Årsverka er fordelt på dei ulike områda som vist i tabellen under:



Kommunalsjefområde	Årsverk 1.1.2020	Årsverk 1.1.2021	Årsverk 1.1.2022	Årsverk 1.1.2023
Kommunaldirektør inkl. ressursgruppe	22	11	3	1
Finans og økonomi	128	119	108	55
HR og organisasjon				53
Oppvekst	1 246	1 217	1 200	1 194
Helse og velferd	769	779	791	794
Kultur og samfunn	256	253	255	246
Sum	2 420	2 379	2 357	2 343


Frå oppstart av ny kommune har organisasjonen redusert bemanninga med 107 årsverk. Om lag 30 årsverk var vakante stillingar eller tilsette som gjekk av med pensjon ved årsskifte 2019/ 2020.

	Hautst 2019	01.01.2020	01.01.2021	01.01.2022	01.01.2023
Årsverk	2 450	2 420	2 379	2 357	2 343
Endring					-107

Framleis er det behov for reduksjon av årsverk for å oppnå ein berekraftig og sunn kommuneøkonomi.

Sjukefråvær

Sjukefråvær Øygarden kommune 2020-2022



	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember	Total
2022	11,6	15,8	12,2	9,7	10,3	9,3	8,2	7,3	8,3	8,7	10,8	11	10,2
2021	9,4	10,9	10,1	10,3	9,3	9,3	7,6	7,8	10,4	10,2	12,4	11,5	10,3
2020	9,8	10,5	12,2	9,1	8,2	7,8	6,7	6,4	9,4	9,5	11,1	9,8	9,7

Den totale oversikta utgjer korttidsfråvær (eigemeldt og legemeldt) og langtidsfråvær. Det eigenmeldte fråværet (1-8 dagar) er mykje likt landsgjennomsnittet. Dei største utfordringane er knytt til langtidsfråvær (over 40 dagar). Øygarden kommune har størst utfordringar i dei store områda Helse og velferd samt Oppvekst. Det er også einskilde utfordringar i Kultur og samfunn.

Utført arbeid knytt til nærværarbeid på organisasjonsnivå

Det vert gjennomført jamlege kurs i sjukefråværsoppfølging, og vert rapportert på sjukefråvær i kvart møte i arbeidsmiljøutvalet (AMU) og administrasjonsutvalet (ADMU). Eininga HR og kompetanse lagar rapportar til alle leiarar kvar månad. Ein har etablert eit eige IA- utval (underutval av AMU) som skal ha særskilt fokus på arbeid med sjukefråvær og helsefremjande arbeidsplassar. HR og kompetanse støttar og gjev rettleiing i enkelte oppfølgingssaker, og ein har nytta bedriftshelsetenesta i enkelte meir komplekse saker.

Følgjande skal arbeidast med i 2023

Vidareutvikling av det gode arbeid som vert gjort i dag, mellom anna gjennomføra ulike kurs i sjukefråværsoppfølging og laga månadlege rapportar. Vi skal jobba med å forbetra analyser og gjera statistikk meir brukarvennlege, både til leiarar og AMU, ADMU og Formannskap. Det vert starta opp partssamansett prosjekt saman med forskar Silje Mæland frå UIB. Ein raud tråd i prosjektet vil vera å ha auka fokus på den enkelte tilsette sin verdi for Øygarden kommune og styrka den tidlege fråværsdialogen mellom leiar og tilsett. Gjennom prosjektet og andre tiltak vil leiarar få auka kompetanse samstundes som vi styrkar trepartsarbeidet på den enkelte eining.


Vidare skal organisasjonen gjennomføra 10- faktor medarbeidarundersøking. 10- faktor er eit digitalt utviklingsverktøy som vert brukt av 285 kommunar. Verktøyet byggjer på forskning om effektiv leiing og gode verkemidlar for å motivera medarbeidarar. Det skal hjelpe Øygarden kommune med å utvikla gode arbeidsmiljø, men også bidra til å forbetra kvaliteten på tenestene våre.

Arbeidsmiljø og HMS arbeid


Eit godt og systematisk HMS-arbeid skal bidra til eit helsefremjande arbeidsmiljø.

HMS-avvik

I 2022 vart det totalt meldt inn 2 164 HMS avvik, mot 2 001 HMS avvik i 2021. Dette utgjer ein auke på 8,15 %.



HMS-avvik fordelt på kategorier i 2022



Tabellen syner HMS-avvik fordelt på dei ulike kategoriane samanlikna med 2021. Kategoriar vart samanslått i 2022 for å få betre oversikt.

Avvikskategori	2021	2022
Brannvern	4,20 %	4,10 %
Ergonomisk arbeidsmiljø	2,50 %	4,30 %
Fysisk arbeidsmiljø og sikkerheit	4,70 %	3,80 %
Kjemisk og biologisk arbeidsmiljø	30,90 %	31,40 %
Organisatorisk arbeidsmiljø	0	0,30 %
Vald mot tilsett	55,90 %	54,90 %
Ytre miljø	1,80 %	1,20 %

Størst del HMS-avvik er registrert i kategoriane vald mot tilsette både i 2021 og 2022. Organisasjonen må difor retta særleg merksemd mot desse områda i 2023.

Utført arbeid på organisasjonsnivå

AMU (arbeidsmiljøutvalet)

AMU har gjennomført til saman 7 møter i 2022. Utvalet handsamar i hovudsak saker på systemnivå som til dømes rutineendringar, statusrapportar, omorganiseringar og liknande. Totalt vart det handsama 26 saker i AMU i 2022. I 2021 var talet 20, medan det i 2020 var 26 saker i AMU.

Styringssystem for HMS arbeid

Det overordna HMS-ansvaret i Øygarden kommune ligg til Kommunedirektøren, medan eininga Tryggleik koordinerer og følgjer opp ein del av oppgåvene. Einingsleiarar har delegert HMS-ansvar for sitt område. I 2021 vart det utarbeida og vedteke eit overordna HMS system med tilhøyrande rutinar. I 2022 har ein fortsett arbeidet med å få på plass fleire rutinar knytt opp mot vedteke styringssystem:

Eit utval av nye vedtekne rutinar (ikkje uttømmmande):

- Rutine og rettleiing HMS ROS-analyse
- Rutine for gransking etter alvorleg hending
- Rutine for førebygging og handtering av netthets
- Rutine for førebygging og handtering av vald, truslar og psykisk belastning som følge av kontakt med andre
- Rutine for forsvarlegheitsvurdering av arbeidstidsordningar

Opplæring i HMS

Det har vore gjennomført 40 timars HMS grunnkurs for verneombod og 2 dagars HMS opplæring for leiarar. AMU vedtok å etablera temakurs for leiarar og verneombod (halvdags kurs) frå 2023. Påmelding til kursa vart opna i 2022.

- Internkontroll HMS
- HMS- risikovurdering, overordna
- Avvik, varslings og vernerunde
- Vald, truslar og psykisk belastning som følge av kontakt med andre
- Forsvarlegheitsvurdering av arbeidstidsordningar

Samarbeid med bedriftshelsetenesta (BHT)

Øygarden kommune har avtale om bedriftshelseteneste (BHT) med Avonova. Eigen årsrapport frå BHT vert handsama i AMU kvart år. Fordeling av deira aktivitet knytt til Øygarden kommune for 2022 er illustrert i diagrammet under:



Aktivitetane er i hovudsak fordelt på desse områda:

- Helsesertifisering
- Arbeidsmiljøkartlegging
- Psykososialt og organisatorisk (inkl. individsamtalar)
- Helsekontroll
- Systematisk HMS arbeid

Elektronisk stoffkartotek (ECO online)

Elektronisk stoffkartotek (ECO online), er tilgjengeleg for alle tilsette. Ny rutine for kartlegging og rapportering vart godkjent av AMU i 2022.

Følgjande skal arbeidast med i 2023

- Temaopplæringar i HMS og auka HMS kompetansen blant leiarar og verneombod
- Fortsetja med å utarbeida rutinar som manglar
- Gjennomføra HMS ROS på kommunalsjefområda
- Gjennomføra anbodskonkurranse på bedriftshelseteneste

Likestilling og mangfold

Frå 1. januar 2020 har arbeidsgjevarar og offentlege myndigheiter fått ei styrka plikt til å arbeida med likestilling og ikkje-diskriminering, den sokalla aktivitets- og redegjærlesesplikten (ARP). Den inneber at alle arbeidsgjevarar i offentlege verksemdar skal gjera greie for:

- Den faktiske tilstanden for kjønnslikestillinga i verksemda
- Kva dei gjer for å oppfylle aktivitetsplikta

Denne tabellen syner samla årsverk pr. år i Øygarden kommune, prosentdel kvinner og prosentdel menn:

År	Årsverk	Prosent kvinner	Prosent menn
2020	2 379	86 %	14 %
2021	2 357	85 %	15 %
2022	2 343	85 %	15 %

Denne tabellen syner gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner og menn som er tilsett i Øygarden kommune:

År	Gjennomsnittleg stillingsstorleik kvinner	Gjennomsnittleg stillingsstorleik menn
2020	72 %	80 %
2021	85 %	90 %
2022	86 %	91 %

Denne tabellen syner antal og samansetnad kvinner og menn i kommunedirektøren si leiargruppe:

År	Antal i leiargruppa	Kvinner	Menn
2020	7	5 (71,4%)	2 (28,6 %)
2021	6	4 (66,7 %)	2 (33,3 %)
2022 (til 30.06)	5	4 (80 %)	1 (20 %)
2022 (frå 01.07)	6	4 (66,7 %)	2 (33,3 %)

* Ny organisering med auke på ein kommunalsjef i organisasjonen.

Tabellane over syner at det er kvinneleg dominans blant dei tilsette i Øygarden kommune inkludert i toppleiargruppa, men at menn framleis har høgast stillingsstorleik.

Utført arbeid

- Ledige stillingar vert vurdert for utviding når det er mogeleg ut frå driftsomsyn.
- Arbeidet for å unngå diskriminering har mellom anna vore ivareteke gjennom arbeidet kommunen har utført i kraft av å vera ein IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv), til dømes å vera oppteken av auka sysselsetting for personar med nedsett arbeidsevne, omplasseringar og moglegheiter for utprøving grunna helse.
- Ved tilsetjing vert det i første rekke teke omsyn til søkjarane sine kvalifikasjonar (teoretisk og praktisk utdanning samt om ein er eigna for stillinga). Når søkjarar av begge kjønn står

kvalifikasjonsmessig likt eller tilnærma likt, kan søkjarar viss kjønn er underrepresentert føretrekkast når dette er i samsvar med likestillings- og diskrimineringsloven.

- Øygarden kommune har utarbeidd ein lønspolitikk som mellom anna omhandlar arbeid for å fremma og ivareta likestilling, omplassering ved mellom anna sjukdom, heiltidskultur og seniorpolitiske tiltak.

Det er gjennomført lønskartlegging for å hindre diskriminering.

Vidare arbeid med likestilling og mangfald

- Øygarden kommune har nedsett ei arbeidsgruppe som våren 2023 jobbar med revidering av lønspolitisk plan. Tema i den reviderte planen er m. a likestilling, livsfaseorientert personalpolitikk og heiltidskultur.
- Kommunen vil gjennomføra ei lønskartlegging annakvart år for å hindra diskriminering. Dette vart gjort første gong i 2022. Det vil bli sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe der oppgåva er å førebu lønskartlegginga og drøfta tiltak basert på resultata frå kartlegginga. Resultata vil gje viktig kunnskap inn i dei lokale lønsforhandlingane i kap. 3 og 5 og i kap. 4 når dei sentrale partane vedtek ein lokal pott til fordeling.

Politisk



Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	17 282	16 280	15 285	995	6,1 % 

Kommentar til status økonomi

Poltisk kapittel har eit mindreforbruk på kr 995 000 i 2022.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev. Rekneskap bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Løn	10 417	7 244	7 134	9 192	-2 058
Refusjon løn	-12	0	0	-26	26
Sum Løn	10 405	7 244	7 134	9 166	-2 032
Kjøp av varer og tenester	3 724	5 208	5 208	2 760	2 448
Overføringar	3 827	4 644	4 644	3 791	853
Finansutgifter	0	0	0	0	0
Sum Utgifter	7 551	9 852	9 852	6 552	3 300
Refusjonar	-674	-706	-706	-432	-274
Finansinntekter	0	0	0	0	0
Sum Inntekter	-674	-706	-706	-432	-274
Netto resultat	17 282	16 390	16 280	15 285	995

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

Prioritet	Øygarden 2021	Øygarden 2022	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B)	306	278	282	396
Netto driftsutgifter per innbygger (110) kontroll og revisjon (B)	44	36	73	106

Øygarden kommune bruker kr 278 per innbyggjar til politisk verksemd. Dette er omtrent som gjennomsnittet av Kostragruppe 10, men mindre enn landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter til kontrollutval og revisjon er kr 36 per innbyggjar. Dette er langt lågare enn både Kontragrupper 10 og landsgjennomsnittet.

Kommunedirektør



Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %	
2000-Kommunedirektør	79 113	82 380	83 119	-740	-0,9 %	✓
2010-Ressursgruppe	4 123	858	363	494	57,6 %	✓
Sum	83 236	83 238	83 483	-245	-0,3 %	✓

Kommentar til status økonomi

Kommunedirektøren har eit meirforbruk på kr 245 000 i 2022.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Løn	10 140	6 350	6 561	5 892	669
Refusjon løn	-197	0	0	1	-1
Sum Løn	9 944	6 350	6 561	5 893	668

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Kjøp av varer og tenester	4 252	2 744	5 244	4 797	447
Overføringar	91 587	71 606	73 156	81 280	-8 124
Finansutgifter	6 895	0	0	1 241	-1 241
Sum Utgifter	102 734	74 350	78 400	87 319	-8 919
Salsinntekter	0	-401	-401	0	-401
Refusjonar	-535	-1 322	-1 322	-458	-864
Overføringsinntekter	-24 567	0	0	-1 241	1 241
Finansinntekter	-4 340	0	0	-8 030	8 030
Sum Inntekter	-29 442	-1 723	-1 723	-9 728	8 005
Netto resultat	83 236	78 977	83 238	83 483	-245

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øygarden 2021	Øygarden 2022	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet				
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)	748	752	523	594
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B)	4 277	3 891	3 520	4 089
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B)	830	842	597	686

Øygarden kommune bruker kr 3 891 per innbyggjar til administrasjon. Dette er høgre enn gruppe 10, men lågare enn landsgjennomsnittet. Inkludert i talgrunnlaget ligg det kr 7 mill som gjeld sluttakar i 2022.


Øygarden kommune bruker kr 752 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Øygarden kommune har netto driftsutgifter på kr 842 per innbyggjar til kyrkje. Dette er langt høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Finans og økonomi

Beskriving av tenesteområde

Kommunalområde Finans og økonomi består av einingane Rekneskap og løn, innkjøp og IKT og dokumentsenter.



Viktige hendingar

Innleiing

Stabskommunalsjefområda vart omorganisert i 2022. Frå 01.09.2022 vart staben delt inn i to kommunalsjefområde - Finans og økonomi og HR og organisasjon. Bakgrunnen for endringane er å sikra betre økonomisk styring og kontroll.

Tilsettservice er vidareutvikla i 2022 der målet er at tilsette skal få rask og riktig hjelp til ei kvar tid. Det vart i kommunestyret i mai vedteke at Øygarden kommune skulle gjennomføra ei ny alminneleg taksering av alle eigedomsskatteobjekt. Dette for å harmonisera eigedomsskatteregimet i den nye kommunen.

Øygarden kommune vart hausten 2021 klaga inn for klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA) i høve anskaffelse av datasystemet Framsikt. KOFA kom i mai 2022 til at kommunen ikkje hadde brutt regelverket for offentlege anskaffingar.

I november 2022 vart størsteparten av kommunalsjefområdet samla i 5. etasje på rådhuset på Straume. Dokumentsenteret har framleis sin arbeidsplass på Rong.

Rekneskap og løn

Storebrand overtok som pensjonsleverandør frå 2022 og det har vore gjennomført arbeid med implementering av den nye avtalen.

Det vart gjort nokre justeringar i finans- og gjeldsreglementet i KS-sak 128/22. I hovudsak gjaldt dette endring i frekvens på rapporteringa og auka grense for opptak av korte lån. Finansrapporteringa skal etter vedtaket i kommunestyret følgja den ordinære rekneskapsrapporteringa, det vil seie pr kvartal. Grensa for bruk av korte lån vart endra frå 30 % til 35 % innanfor ein 12 månaders periode.

Frå 1.1.23 har ikkje lenger kommunen ansvar for rekneskapsføringa for kyrkja og dei 5 sokna. Eininga har redusert med eitt årsverk som følgje av dette. Frå 1.4.23 går Øygarden brann og redning KF inn i kommunen, noko som medfører at det vert eit rekneskap mindre å føra.

IKT og dokumentsenter

Følgjande har vore arbeidd med i 2022:

- Gjennomført arbeidsmiljøsamling og laga eigen plakat med verdiar
- Dokumentsenteret har arrangert 3 Bibliotek events i samarbeid med IKAH og Kulturavdelinga
- Tatt i bruk WebSak8 og WebSak+
- Gjennomført opplæring/ kurs i WebSak – totalt 16 fast oppsette kurs
- Deponert uttrekk av eldre databasar frå nedlagte kommunar til IKAH
- Arkivplan lagt fram og vedteken av kommunedirektør i mai 2022
- Gjennomført anbod for nytt fagsystem for barnevern
- Innhenta avslutta eldre arkiv frå barnehagar, skuler og helsestasjon
- Fagleiar dokumentsenter deltek i prosjekt med DigiVestland – nye innsynløysningar
- Fått på plass detaljert årshjul for dokumentsenter
- Fått på plass system for køyreruteoptimalisering innan heimesjukepleien
- Installasjon av UMBRELLA som DNS verktøy
- Etablert superbrukar nettverk innan fagsystemet CosDoc
- Overgang til ny telefoni leverandør
- Rullert og skifta 1700 Chromebooks
- Starta arbeid med kravspesifikasjon for nytt fagsystem for helsestasjonen
- Etablert personvernutval i kommunen
- Totalt 5 nye lærlingar
- Praksisplass - NAV
- Ny rammeavtale for nettverksutstyr er på plass
- Starta arbeid med kontinuitetsplan
- Flytting og lokalisering av IKT på Straume
- Mykje aktivitet i DigiVestland. Digitaliseringsutvalet har møte kvar 14. dag.
- IKT og dokumentsenter har mottatt 8 242 saker til handsaming i Tilsettservice. 6 179 av desse gjeld IKT, mens 2 063 gjeld dokumentsenter.

Innkjøp

Følgjande har vore arbeidd med i 2022:

- **Anskaffingar**
 - Alternativ opplæringsarena
 - Fagsystem barnevern
 - Brøyteavtalar
 - Parallelloppdrag Straume
 - Ombygging Tednabakkane
 - Ombygging Skjenet
 - Juridisk bistand Vestprosess røyrledning
 - Oppvekstadministrativt system
 - Tilbodskonkurranse Grønamyrvegen
- **Kontraktsforvaltning**
 - Implementering av rammeavtaler frå innkjøpssamarbeidet. Implementering av matavtalane og arbeidstøy har vore særleg tidkrevjande
 - Diverse aktivitetar knytt til kontraktsforvaltning
- **Bistand/rådgivning**
 - Rutine for konkurranse - særleg ressurskrevende brukarar
 - Kartlegging brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
 - Sotra Arena
 - Skuletur 10. klasse
 - Bygdebøker
 - Spendanalyse for Oppvekst og Kultur og Samfunn
 - Prosjektgruppe mottak av flyktningar Ukraina
 - Dagtilbod for demens
 - Journalsystem helsestasjon
 - Virksomhetsoverdraging og Basecamp
 - Utfordringar knytt til implementering fagsystem barnevern
 - Enkelt saker for Helse
 - Klagesak nettverksutstyr
 - Nygata
 - Innsatsleiarbil ØBR
 - Grøn Hub vest (Øygarden næringsutvikling KF)
 - Robustbustader (Øygarden Bustadutvikling KF)
- **Innkjøpssamarbeid**
 - Koordinering av volum og tilslutning til diverse rammeavtalar
 - Etablert innkjøpssamarbeid med Askøy kommune
- **Utvikling**
 - Avholdt kurs i kontraktsforvaltning
 - Deltatt i faggruppe for Tjenestedesign i DigiVestland
 - Rutine for løns- og arbeidsvilkår etter tilsyn

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %	
2100-Kommunalsjef finans og økonomi	1 494	12 973	11 499	1 474	11,4 %	✓
2110-Økonomistyring	19 100	18 178	15 555	2 623	14,4 %	✓
2115-Rekneskap og løn	0	36	2 074	-2 037	-5614,4 %	!
2130-Innkjøp og investering	8 049	8 372	7 609	763	9,1 %	-
2160-IKT og Dokumentsenter	27 159	61 894	58 776	3 119	5,0 %	✓
2200-Kommunalsjef organisasjon og digitalisering	12 423	2	93	-91	-4253,1 %	!
2210-Drift	34 889	0	15	-14	0,0 %	✓
Sum	103 114	101 456	95 620	5 836	5,8 %	✓

Kommentar til status økonomi

Kommunalsjefområde Finans og økonomi hadde eit mindreforbruk på kr 5,8 mill i 2022. Det har vore vakansar i 2022 der det ikkje er teke inn vikar.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Løn	65 278	59 285	60 290	57 666	2 625
Refusjon løn	-1 595	0	-300	-1 387	1 087
Sum Løn	63 683	59 285	59 990	56 278	3 712
Kjøp av varer og tenester	52 028	40 362	43 220	41 751	1 469
Overføringar	12 840	1 202	1 301	11 349	-10 048
Finansutgifter	87	0	0	1	-1
Sum Utgifter	64 954	41 564	44 521	53 102	-8 581
Salsinntekter	-1 701	0	0	-1 927	1 927
Refusjonar	-12 170	-2 956	-3 055	-11 833	8 778
Finansinntekter	-11 653	0	0	0	0
Sum Inntekter	-25 524	-2 956	-3 055	-13 760	10 705
Netto resultat	103 114	97 893	101 456	95 620	5 836

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øygarden 2021	Øygarden 2022	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet				
Brutto driftsutgifter til funksjon 130	748	752	523	594
Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)				
Netto driftsutgifter per innbygger (120)	4 277	3 891	3 520	4 089
administrasjon (B)				

Øygarden kommune bruker kr 3 891 per innbyggjar til administrasjon. Dette er høgre enn gruppe 10, men lågare enn landsgjennomsnittet. Inkludert i talgrunnlaget ligg det kr 7 mill som gjeld sluttakar i 2022.

Øygarden kommune bruker kr 752 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

HR og organisasjon

Beskriving av tenesteområde

Kommunalområde HR og organisasjon består av einingane HR og kompetanse, Service og Tryggleik.



Viktige hendingar

Innleiing

Stabskommunalsjefområda vart omorganisert i 2022. Frå 01.09.2022 vart staben delt inn i to kommunalsjefområde - Finans og økonomi og HR og organisasjon. Omorganiseringa har til hensikt å skape forbetringar på ulike utfordringsområde.

Sentrale organisasjonsområde som å skape utviklingskultur, ha samla og god leiing, ha tilsette som får brukt og utvikla kompetanse og få på plass ei organisering som lagar betre flyt i tenestelevringa, har vore hovudfokus i oppstarten av nytt kommunalsjefsområde.

HR og kompetanse

HR og kompetanse har jobba med å forbetre struktur og rutinar for dagleg drift og utvikling. Arbeidet med å utvikle rutinar og sikre internkontroll er intensivert. Rutinar i kvalitetssystemet Compilo er laga oversikt over, og det er gjennomført meir opplæring i Compilo, samt at eininga har laga årshjul for internkontroll for eininga.

Sjukefråværsprosjekt er starta opp i desember 2022. Målet er at alle skal arbeide meir strukturert og strategisk med dette framover. Rapporteringa til AMU og ADMU er utvikla i 2022.

Det er kopla på nasjonalt kompetansemiljø for å gjennomføra ei medarbeiderundersøking i organisasjonen.. Heile kommunen skal gjennomføra undersøkinga «10- faktor» anna kvart år. Målet med undersøkinga er å utvikla arbeidsmiljøet i alle einingar. Det er planlagt ulike opplæringsaktivitetar for heile organisasjonen. Leiarar får første opplæringa våren 2023.

HR og kompetanse har gjennomført lokale lønnsforhandlingar hausten 2022. Dette er eit stort, viktig og tidkrevjande arbeid. Grundig for- og etterarbeid er naudsynt. Ein opplevde god stemning mellom partane, og landa oppgjeret utan brot.

Gåve og påskjøningsreglementet er revidert hausten 2022.

Service

- Innbyggartorg og bibliotek vart samorganisert frå 01.01.2022.
 - Endringsarbeidet har mellom anna resultert i auka opningstider i Straume, Skogsskiftet og på Rong.
 - Det er tilsett ny felles leiar for innbyggartorg og bibliotek.
 - Det er yilsett arrangementsansvarleg og førebuing til auka satsing på arrangement i 2023.
 - I september 2022 flytta innbyggartorg og bibliotek til nytt lokale sentralt på Sartor senter.
 - Det er utvikla skulebibliotekstandard.
- Politisk sekretariat har lagt til rette for førebuing, gjennomføring og etterarbeid av politiske møte og verksemd. Alle møte vert strauma live på kommune-TV.
- Kommunen si informasjonsavdeling er svært aktiv med digitale skjema, grafisk arbeid, innhald til sosiale medium og heimesida.
 - Over 500 aktuelt-saker på heimesida er skrivne og publisert.
 - Innbyggjarbrosjyre i postkassen til innbyggjarar – 2 utgåver i 2022.
 - Nettsida til kommunen hadde 3,2 mill sidevisningar i 2022. Det er ei nedgang på 34 % ift 2021 (4,9 mill). Det er covid-pandemien som førte til rekordhøge besøk i 2021.
- Saksbehandling og forvaltning
 - Alkohollova: Har halde 115 kontrollar av faste sals- og skjenkestadar. 7 kontrollar for ambulerande skjenkeløyve og skjenkeløyve for enkeltanledning.
 - Forskrift om startlån – Utlån på 70 mill
 - Lov om bustøtte – Over 700 husstandar får bustøtte i Øygarden.
 - Legga til rette for vigslar: 43 vigslar gjennomført.
- Service er kommunen sitt barnehagemynde, og ser til at barnehagane driv i samsvar med regelverket.
 - I 2022 avslutta vi det interkommunale samarbeidet med Askøy. og driv no tilsyn i eiga regi med risikobasert metodikk.

Tryggleik

Neredskap: Tryggleik har gjennomført opplæring av krisestab og hatt arbeid knytt til Ukraina krise. Beredskapsplanverket er vidareutvikla, og ein har delteke på øvingar med eksterne partar.

GDPR og personvern: Dialog opp mot personvernombodet i Bergen, rådgjeve organisasjonen og handtert totalt 70 rapporterte avvik på personvernomsråde (GDPR). Det er også bistått i 19 meldepliktige GDPR brot til Datatilsynet. Alle avvika vart lukka i 2022 utan at kommunen fekk pålegg. Fått vedteke styringssystem for informasjonstryggleik og GDPR og bygd dette inn i kvalitetssystemet.

HMS: Det er gjennomført to 2-dagars HMS opplæring for leiarar, og eit 40t HMS kurs for verneombod Tryggleik har utarbeida HMS rutinar og malar, revidert HMS-avviksmodulen, og rådgjeve leiarar og tilsette i HMS spørsmål, særskilt knytt opp mot førebygging og handtering av vald og truslar samt risikovurdering.

Kvalitetssystemet: Vidareutvikla kvalitetssystemet Compilo og hatt særskilt fokus på dokumentmodul og årshjulsmodulen. Gjennomført opplæring i alle modular og utvikla tilpassa avvikskategoriar i tett samarbeid med tenestene.

Kommuneadvokatkontoret har hatt eit hektisk år med totalt 45 saker handsama i domstoler, fylkesnemnd og andre konfliktløysande organ. Dette er ein svak oppgang frå 2021, som hadde 40 slike saker. Fordelinga for 2022 er slik:

- Hordaland tingrett: 4
- Fylkesnemnda, russak: 2
- Fylkesnemnda, barneverntenester: 35
- Forlikrådet: 4
- Tvisteløysingsnemnda for barnevernsaker: 2

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %	
2150-Personal og organisasjonsutvikling	4 640	10 558	9 703	855	8,1 %	✓
2205-Kommunalsjef HR og organisasjon	0	36	2 204	-2 169	-6066,0 %	!
2230-Service	246 319	261 721	260 202	1 519	0,6 %	✓
2240-Tryggleik	12 189	11 926	10 989	938	7,9 %	✓
2250-HR og kompetanse	0	26	1 345	-1 319	-5004,6 %	!
2290-Lærlingar	16 693	21 044	16 003	5 041	24,0 %	✓
Sum	279 841	305 311	300 445	4 866	1,6 %	✓

Kommentar til status økonomi

Kommunalsjefområde HR og organisasjon hadde eit mindreforbruk på kr 4,9 mill i 2022.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Løn	58 755	73 243	71 896	68 472	3 424
Refusjon løn	-3 577	0	-700	-4 264	3 564
Sum Løn	55 178	73 243	71 196	64 208	6 988
Kjøp av varer og tenester	230 234	234 544	233 506	239 810	-6 304
Overføringer	6 320	11 420	11 431	10 455	976
Finansutgifter	521	0	0	120	-120
Sum Utgifter	237 075	245 964	244 937	250 385	-5 448
Salsinntekter	-1 122	-650	-738	-832	94
Refusjonar	-10 840	-12 084	-10 084	-13 236	3 152
Overføringsinntekter	0	0	0	-4	4
Finansinntekter	-451	0	0	-75	75
Sum Inntekter	-12 412	-12 734	-10 822	-14 147	3 325
Netto resultat	279 841	306 473	305 311	300 445	4 866

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øygarden 2021	Øygarden 2022	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet				
Brutto driftsutgifter til funksjon 130	748	752	523	594
Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)				
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B)	4 277	3 891	3 520	4 089

Øygarden kommune bruker kr 3 891 per innbyggjar til administrasjon. Dette er høgre enn gruppe 10, men lågare enn landsgjennomsnittet. Inkludert i talgrunnlaget ligg det kr 7 mill som gjeld sluttakar i 2022.

Øygarden kommune bruker kr 752 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Helse og velferd

Beskriving av tenesteområde

Kommunalsjefområde Helse og velferd består av overordna leiing og stab, heimetenester, sjukeheimar og omsorgsbustader med heildøgns omsorg, tenester til menneske med nedsett funksjonsevne, rus og psykisk helse, legetenester og legevakt, lokalmedisinsk senter, NAV og helse, meistring og rehabilitering



Viktige hendingar

Innleiing

2022 har vore eit krevjande år for Helse og velferd. Oppgåveforskyving frå stat til kommune har medført tidlegare utskriving frå sjukehus og behov for auka medisinsk kompetanse og personell innan tenestene. Samstundes er rekruttering av helsepersonell ei utfordring både nasjonalt og lokalt, også i Øygarden kommune. Det har også vore utfordringar i høve høgt sjukefråvær, særleg knytt til korona og influensa. Samla sett har dette medført stort meirforbruk i rekneskapen for 2022 knytt til kjøp av helsepersonell frå vikarbyrå, overtid osv.

Etter at krigen i Ukraina braut ut har Øygarden kommune vore både vertskommune for eit statleg akuttmtottak på Nautnes for om lag 100 personar, samt busett 200 flyktningar. Mottaket var i drift om lag seks månader i 2022.

Omorganisering av tenestene innan psykisk helse og rus og tenester til menneske med nedsett funksjonsevne er i 2022 gjennomført med gode prosessar og brei involvering av leiing, tilsette og tillitsvalde/verneteneste. Tenestene innan desse to områda er frå 2023 organisert utan soneinndeling og med ein overordna leiar for kvart av tenesteområda.

Helse og velferd jobbar kontinuerleg med fornying, forenkling og forbedring av tenestene, med særleg fokus på digitalisering. Frå året som gjekk er verdt å nemna innføring av Spider-programvare i heimetenesta: Løysinga inneber meir effektiv planlegging av køyreruter og forbedring av tenestepanlegginga som reduserer tal personar hjå tenestemottakar og betre nytta kompetanse.

Gjennomføringsplan for framtidige helse- og velferdstenester og plan for “Leve heile livet” har gjennom året i stor grad fått etablert vedtekne tiltak i tråd med planane. Planane viser veg for korleis kommunen skal møte den demografiske endringa med fleire eldre både i omfang og av god kvalitet.

Tenesteutvikling

For å gjennomføre vedtekne planar har det vore viktig for Helse og velferd å søkja om ekstern finansiering til ulike prosjekt. Døme på utviklingsarbeid:

- **Prosjekt Ukraina**
Det vart busett 200 flyktningar i 2022, der storparten er frå Ukraina. For å møte eit stort mottak av flyktningar vart det etablert eit prosjekt, samansett av prosjektdeltakarar på tvers i organisasjonen.
- **Digital tenesteformidling**
Utviklingsprosjekt om digital formidling av persontilpassa aktivitetsbaserte tenester for personar med demens. Samarbeid med Noen AS, Sintef og TietoEvry
- **Gode pasientforløp** – nasjonalt læringsnettverk
Målsetting om å sikra brukarane sitt behov for heilskaplege, koordinerte og trygge tenester
- **TVEPS** – læringsnettverk tverrprofesjonelt samarbeid
Auka kunnskap og kompetanse innan tverrprofesjonell læring og praksis.
Målgruppe: Studentar, kommunehelseteneste og fagmiljø ved utdanningsinstitusjonar
- **CPDR, Kvalitet i tenestene til utviklingshemma**
Samarbeid i regi av Utviklingsenter for sykehjem og hjemmetjenester (USHT) og statsforvaltar med oppfølging av nasjonal rettleiar
- **DigiVestland Regionalt fag og prioriteringsutval eHelse** – nettverk
Rådgjevande organ basert på regionale KS-helseleiarnettverk: Innspel og prioritering vedkomande regional e-helseportefølje
- **Nettverk for kreftomsorg og palliativ behandling**
Samarbeid mellom sjukehus og kommunar, der føremålet er kompetanseheving og samhandling. Målgruppe: Kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt deira pårørande
- **Menn i helse**
Nasjonalt rekrutteringsprosjekt som tilbyr menn mellom 25-55 år eit komprimert og føreseieleg utdanningsløp fram mot fagbrev som helsefagarbeidar.
- **Aldri alene** Interkommunalt prosjekt med hensikt å førebyggja sjølv mord

Aksjonssenter

Gjennom våren 2022 har det vore eit utviklingsarbeid i samarbeid med SINTEF for å arbeida fram gode arbeidsprosessar i høve til registreringsarbeid, lagring av data og informasjonsflyt, m.m. Det er og arbeidd med å finna ei digital plattform og IKT løysing som vil vera dekkjande til aksjonssenteret sitt behov. Dette er ikkje på plass og vil bli jobba meir med i 2023. Informasjon om tilbodet ut til innbyggjarane har vore eit prioritert arbeid gjennom året.

Institusjonar

Dei siste åra har vist at tal institusjonsplassar i kommunen er for lågt i høve til behovet, noko som mellom anna har resultert i betaling til sjukehus for utskrivingsklare pasientar og redusert tilbod om korttid/ avlastning til heimebuande pasientar. I tråd med gjennomføringsplan for framtida sine helse- og velferdsteneste er det i 2022 etablert 10 nye plassar ved Øygarden lokalmedisinske senter for å møte dette behovet.

Kommunen har også mangla tilbod til innbyggjarar som har behov for særleg skjerma/ forsterka tilbod i institusjon. I 2022 er eit slikt tilbod etablert ved ombygging av Tednebakkane omsorgssenter med fire rom.

Rus og psykisk helse


I 2022 har etterspurnad etter tenester knytt til psykisk helse og rus vore aukande, både for ungdom og vaksne. Det har vore viktig å avdekka, finna nye tiltak, samt sørgja for rett hjelp til rett tid. Ulike program og digitale verktøy er prøvd ut for å sikra betre tverrfagleg innsats.

Kommunen deltek i ulike interkommunale prosjekt der førebygging av sjølv mord, førebygging, avdekking og handtering av vald og overgrep står sentralt. Arbeid for å motverka radikaliserings mot sårbare grupper er også eit prioritert satsingsområde.

Heimetenester

Heimetenestene har gjennom 2022 samla sett utført same vedtakstimer for helsehjelp gjennom året som for 2021. Behovet for tenester varierer mellom soner og over tid. Det vart difor sett ned ei prosjektgruppe som skal sjå på ny organisering av heimetenesta. Ny modell skal til drøfting våren 2023. Tenesta er tilført om lag tre årsverk i 2022 i tråd med gjennomføringsplan for framtidige helse og velferdstenester .

Helsetenester i heimen



NAV

I løpet av 2022 har kommunen rekordlåg arbeidsløyse, samstundes som ubalansen i arbeidsmarknaden har auka. Tilgjengeleg arbeidskraft treff ikkje arbeidsmarknaden sitt behov og ønske om kompetanse. I desember 2022 var 592 personar registrert som arbeidslause mot 935 personar i januar.

NAV Øygarden fekk i 2022 midlar frå Innovasjon Norge for å utvikla eit gruppetilbod til unge i utanforskap. Prosjektet er i samarbeid med Læringsliv AS, har fått tittelen NAV HUMAN og er


forankra i NAV Vestland.

Beholdning arbeidssøkere etter arbeidsmarkedsstatus siste 24 mnd

Tilsvaret den offisielle ledighetsstatistikken

Tilbake til start

Velg region ROS Vest	Velg bokommune 4628 Øygarden	Velg bydel All
-------------------------	---------------------------------	-------------------



Menneske med nedsett funksjonsevne (MMNF)

Aukande behov for avlasting til barn og unge har halde fram i 2022. Oppvekstreforma har ført til større etterspurnad etter helse og omsorgstenester, både frå interne og eksterne samarbeidspartnarar. Denne reforma krev tett samarbeid på tvers av ulike instansar og forvaltningsnivå.

Det er fleire som ventar på bustad, og behovet for fleire og meir samlokaliserte bustader for denne gruppa er aukande.

Det er innrapportert 142 personar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemming i 2022.

MMNF har rapportert inn 17 personar som særleg ressurskrevjande.

Helse, meistring og rehabilitering

Fysioterapeutar med driftsavtale har framleis lange ventelister, særskilt i Straumeområdet. Det er vedteke ein opptappingsplan for driftsavtale fysioterapi, med ein driftsavtale årleg i økonomiplanperioden.

Ved opptapping av tal plassar ved Øygarden lokalmedisinske senter i 2022 vart det ikkje budsjettert for auke i stilling innan fysioterapi/ ergoterapi, og dette har medført auka press på denne tenesta.

Friskliv og meistring gjennomfører ulike gruppebaserte tilbod med fokus på mellom anna livsstilsutfordringar.

Legeteneste og legevakt

Tiltak i samband med Covid -19 har blitt nedskalert gjennom året. Den fjerde vaksinedosen vart tilbudd særskilte aldersgrupper. TISK vart avslutta før sommaren 2022, men beredskap for Covid-19 er oppretthalde gjennom heile året.

Ved etableringa av flyktningmottak på Nautnes vart det oppretta legekortentenester ved mottaket. Tenesta er vidareført i lag med flyktninghelsetenesta for å bistå med det store mottaket av flyktningar frå Ukraina.

I 2022 vart det oppretta to nye fastlegeheimlar, ein på Ågotnes og ein på Straume.

Legevakta vart skilt ut som eiga eining frå sommaren 2022. Ny organisering skal vurderast i løpet av 2023.

Arbeidsmiljømessige konsekvensar i 2022

Rekrutteringsutfordringar, høgt sjukefråvær og krevjande økonomiske rammer har prega også 2022.

Einingane hadde i utgangspunktet eit stramt budsjett. I tillegg kom det krav om stillingsstopp og redusert inntak av vikarar gjennom hausten. Det er særleg institusjonstenester og heimebaserte tenester som har merka stor meirbelastning på personell, grunna vakante stillingar og høgt sjukefråvær. Det har vore stor belastning på øvrig personell med mykje overtid og behov for vikarar. Alle har bidratt med stor fleksibilitet, engasjement og samvitsfull arbeidsinnsats til det beste for innbyggjarar og kvarandre.

Trass i krevjande driftsvilkår gjennom året vart det arrangert to samlingar med leiarar, stab og HTV/HVO. Tema var leiarutvikling, samskaping og innovasjon i tenestene.

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2021	Rev. Rekneskap bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %	
3000-Kommunalsjef helse og velferd	49 295	28 114	38 735	-10 621	-37,8 % 
3110-Heimetenesta sone sør	32 418	34 915	36 745	-1 830	-5,2 % 
3120-Heimetenesta sone nord	42 877	45 052	45 630	-578	-1,3 % 
3130-Heimetenesta sone Straume	41 525	43 504	48 959	-5 455	-12,5 % 
3210-Teneste til menneske med utviklingshemming sone sør	21 350	23 407	22 563	843	3,6 % 
3220-Teneste til menneske med utviklingshemming sone nord	24 338	27 423	29 706	-2 283	-8,3 % 
3230-Teneste til menneske med utviklingshemming sone Straume	63 101	66 698	70 859	-4 160	-6,2 % 
3310-Rus og psykisk helse sone sør	12 890	14 899	19 173	-4 275	-28,7 % 
3320-Rus og psykisk helse sone nord	14 455	14 639	16 504	-1 865	-12,7 % 
3330-Rus og psykisk helse sone Straume	39 611	43 524	45 609	-2 084	-4,8 % 

Ansvar	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %	
3410-Flyktningtenesta	13 779	0	-142	142	0,0 %	✓
3411-Midlertidig flyktningeteneste (ut 2023)	0	6 573	6 599	-26	-0,4 %	–
3510-NAV	70 599	90 275	86 975	3 300	3,7 %	✓
3610-Fjell sjukeheim	50 191	51 207	57 353	-6 147	-12,0 %	!
3620-Tednebakkan omsorgssenter ink dagsenter og omsorgsbustad	50 410	49 319	49 639	-320	-0,6 %	–
3630-Sundheimen ink dagsenter og omsorgsbustad	38 970	41 769	47 219	-5 450	-13,0 %	!
3640-Kvednatunet ink dagsenter	46 521	48 810	50 180	-1 370	-2,8 %	!
3650-Straume bu- og servicesenter ink dagsenter og omsorgsbustad	36 266	38 227	38 267	-40	-0,1 %	–
3710-Lokalmedisinsk senter – aksjonssenter	37 627	47 830	49 828	-1 997	-4,2 %	!
3720-Legetenesta ink legevakt og kommunelege	123 907	60 329	68 195	-7 866	-13,0 %	!
3730-Helse- meistring og rehabilitering	22 778	25 808	24 184	1 624	6,3 %	–
3740-Sotra legevakt	0	46 532	38 437	8 095	17,4 %	✓
Sum	832 908	848 855	891 218	-42 363	-5,0 %	!

Kommentar til status økonomi

Helse og velferd har eit samla meirforbruk i 2022 på kr 42,4 mill. Årsaka til meirforbruket er samansett og skuldast budsjettoverskridingar innan drift, samt andre faktorar.

Lønsmrådet viser meirforbruk på om lag kr 14 mill. Dette skuldast m.a. høgt sjukefråvær, vakante stillingar, rekrutteringsutfordringar og lite tilgang på eigne vikarar. For å oppretthalde drifta og gje forsvarlege helse- og omsorgstenester har det vore naudsynt å nytte både overtid og dyre vikarløysingar.

Eit anna meirforbruk på lønsmrådet er knytt til fritidskontakt og omsorgsstønad med til saman kr 5,3 mill.

Ved budsjettering for 2022 er det budsjettert etter faktiske utgifter i 2021. Nye vedtak og til dels auke i eksisterande vedtak medfører difor eit negativt resultat i rekneskapen.

Det same gjeld tenesta brukarstyrt personleg assistanse.

Kjøpte tenester (ressurskrevjande brukarar) har eit meirforbruket på om lag kr 13 mill.

Kjøp frå staten har eit meirforbruk på om lag kr 8 mill og gjeld i stor grad utskrivingsklare pasientar frå sjukehus.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Løn	823 066	757 050	854 085	865 244	-11 159
Refusjon løn	-41 796	-21 477	-39 223	-43 480	4 257
Sum Løn	781 270	735 573	814 862	821 763	-6 901
Kjøp av varer og tenester	158 872	112 949	134 717	173 953	-39 237
Overføringer	59 725	59 717	65 544	58 618	6 926
Finansutgifter	3 004	0	2 368	4 568	-2 200
Sum Utgifter	221 601	172 666	202 629	237 139	-34 510
Salsinntekter	-45 796	-44 501	-47 301	-49 923	2 622
Refusjonar	-116 395	-95 901	-114 429	-108 948	-5 481
Overføringsinntekter	-1 149	0	0	-74	74
Finansinntekter	-6 623	0	-6 906	-8 740	1 834
Sum Inntekter	-169 962	-140 402	-168 636	-167 684	-952
Netto resultat	832 908	767 837	848 855	891 218	-42 363

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øygarden 2021	Øygarden 2022	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet				
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B)	1 398	244	527	659
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over (B)	499 914	573 338	525 789	510 452
Produktivitet				
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	48 179	47 149	58 711	56 910
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	1 680 089	1 818 036	1 658 296	1 519 538
Dekningsgrad				
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon (B)	9,3 %	8,5 %	9,9 %	10,4 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	46,4 %	39,6 %	38,6 %	36,3 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år (B)	3,9 %	4,1 %	4,8 %	4,1 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	6,7	6,2	6,0	5,8
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	5,8	5,9	7,6	7,7
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	9,0	10,1	9,3	10,0
Økonomi				
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Kommunehelse	5 152	5 079	3 992	4 115

Tilbod til personar med rusproblem: Øygarden kommune har netto driftsutgifter på kr 244 når det gjeld tilbud til personar med rusproblem per innbyggjar 20-66 år. Dette er mindre enn gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Institusjonsplassar: Korrigerte brutto driftsutgifter per institusjonsplass er på kr 1,82 mill og er høgare enn gjennomsnittet i Kostra-gruppe 10 og landsgjennomsnittet. På den andre sida er andel innbyggjarar over 80 år som er bebuarar på institusjon lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Sosialhjelp: Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp per mottakar er kr 47 149 i Øygarden kommune, noko som er lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Andel mottakarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde er 39,6%. Dette er høgare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Gjennomsnittleg stønadslengde er 6,2 mot eit gjennomsnitt i gruppe 10 på 6,0 og eit landsgjennomsnitt på 5,8.

Kommunehelse: Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunehelse per innbyggjar er kr 5 079 i Øygarden kommune mot eit gjennomsnitt i gruppe 10 på kr 3 992 og eit landsgjennomsnitt på kr 4 115. Det er 10,1 legeårsverk per 10 000 innbyggjarar i Øygarden kommune. Dette er høgare enn gruppe 10, men på linje med landsgjennomsnittet. Det er 5,9 fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, noko som er mindre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Oppvekst

Beskriving av tenesteområde

Kommunalsjefområde Oppvekst består av barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, Barn unge og familietenester (BUFT), Pedagogisk psykologisk teste (PPT) og barnevern.



Viktige hendingar

- Vidare harmonisering og effektivisering av tenester, inkludert ny tildelingsmodell for pedagogressursar i skulen.
- Vidare arbeid med Fagfornyninga og digitalisering i skule
- Utarbeiding av Plan for framtidens skule. Planen vart vedteke i juni 2022, og blir eit viktig styringsdokument for skuleutvikling i åra framover.
- Gjennomføring av heilskapleg symjeopplæring på 9. trinn.
- Ekstern rapport frå revisjonsselskapet BDO viste utfordringar knytt til det spesialpedagogiske området i kommunen. Oppfølging av rapporten er gjennomført hausten 2022.
- Gjennomføring av vedtak om nedlegging av Blomvåg skule frå sommaren 2022.
- Gjennomføring av vedtak om nedlegging av Bildøy barnehage frå sommaren 2022.
- Organisatoriske tiltak gjennom endring i organisering av stab og støtte og konstituering av ny kommunalsjef for Oppvekst frå 1. september.
- Betre tverrfagleg Innsats (BTI) er arbeidd vidare med for å implementera i Oppvekst og Helse og velferd. Det skal sikra betre kvalitet og koordinering for barn og familiar med behov for fleire velferdstenester.
- Barnevernsreforma 2022, ofte kalla Oppvekstreforma. Staten pålegg kommunen fleire tidlege innsatsar og tiltak knytt til at barn og unge skal kunne bu heime, eller lokalt i eigen

kommune. Fleire nye tilsette skal utføre oppgåver vi før har kjøpt, samt førebygge plassering i eksterne tilbod for barn og unge.

- Det vart i 2022 starta opp eit tverrfagleg leiarutviklingsprogram med vekt på implementering av oppvekstreforma. Programmet vart finansiert av OU- midlar og blir avslutta i 2023.

Økonomi

Oppvekst har dei siste åra gjennomført omstillingar knytt til struktur og reduksjon av årsverk i skule og barnehage. Saman med dei organisatoriske tiltaka som var gjennomført sommaren 2022, har dette gitt positive effektar knytt til betre budsjett- og økonomistyring.

Det har frå og med skuleåret 2022-2023 blitt tatt i bruk ein ny tildelingsmodell for pedagogressursar i skulen. Dette har gjort harmoniseringa av årsverk i skulen meir oversiktleg. Tildelingsmodellen er laga i samarbeid med tillitsvalde og skuleleiarar.

Personal

Korona og influensa prega starten av 2022, som resulterte i mykje korttidsfråvær.

Nokre yrkesgrupper er særleg vanskeleg å rekruttere, for Oppvekst er det helst helsesjukepleiarar og logopedar. Barnehagane har også hatt vanskar med å få nok kvalifiserte arbeidstakarar, spesielt barnehagelærar og støttepedagogar.

Særskilde utfordringar

Øygarden kommune har innan oppvekstområdet særskilde utfordringar angåande høg andel av og behov for ressursar knytt til vedtak om spesialundervisning/ spesialpedagogisk støtte/ tilretteleggingstøtte, samt auka barnevernsplasseringar og kostbare tiltak. Utfordringane innan desse områda er hovudårsaker til meirforbruk i Oppvekst i 2022. Det er sett i gong tiltak knytt til det spesialpedagogiske området, og dette vil ha eit stort fokus i åra framover. Innan barnevernsfeltet gir kommunen sitt utvida ansvar fleire utfordringar, særskild knytt til kostbare institusjonsplasseringar. Gode og førebyggjande tiltak knytt til dette vil vera viktig framover.

Tenestene og fellesskapet i Oppvekst har eit kontinuerleg fokus på samhandling og forbetring. Leiarar og tilsette har gjennom året gjort ein formidabel jobb og innsats for å utvikla gode tenester til born og unge i kommunen.

Skule

Skulane har arbeidd med og hatt fokus på implementering av handlingsplan for oppfølging av tilstandsrapport grunnskule 2020-21. I juni 2022 vart Plan for framtidens skule vedteken politisk og presentert for skuleleiarane. Planen blir eit viktig styringsdokument for utviklinga av skulane i Øygarden kommune i åra framover. Planen set fokus på område som er viktige å arbeida med for å heva resultatane på elevane sin læring. Hausten 2022 vart kvalitetsdialog mellom skuleeigar og skuleleiinga på den einskilde skule innført. Denne har fokus på skulebasert vurdering og elevmedverknad, og er eit kvalitetstiltak i samsvar med planen.

Våren 2022 har ei arbeidsgruppe arbeidd fram hjelpemiddel til bruk på skulane i lesing - Lesesatsinga. Det er utarbeidd lese- og kartleggingsplanar for alle trinn på barneskulen med tilhøyrande materiell og ressursbank, som også kan nyttast på ungdomssteget. Målsetjinga med Lesesatsing er å heva kompetanse og kvalitet i leseopplæringa, og er eit av dei langsiktige tiltaka i «Handlingsplan for oppfølging av tilstandsrapport for grunnskule 2020-21. Dette skuleåret har skulane fått kompetanseheving gjennom Dysleksi Norge.

På nasjonale prøver i lesing og rekning, skårar Øygarden lågare enn nivå for fylket og nasjonalt. Det gjeld på alle trinn. Utviklinga har likevel vore positiv. Det kan skuldast satsinga på lesing og kompetanseheving innan dysleksi for alle lærarar. Årsrapportane frå skulane viser at skulane arbeider godt med faga, bruker resultat frå kartleggingsprøvar og er raske med å setje inn tiltak ved behov, men det kan sjå ut som at dette ikkje er nok for å heva nivået i skulen. Forsking viser at skulane kan ha mykje å henta på å setja inn tiltak på områda klasseleiing, motivasjon og meistring.

Eksamen, både munnleg og skriftleg vart også dette året avlyst grunna covid- 19.

Talet på lærarar vart ytterlegare redusert dette året.

Nytt frå 2022 var at regjeringa har fjerna kompetansekravet for lærarar som er utdanna før 2014. 34 lærarar fekk tilbod om vidareutdanning. Basisfag og undervisningsfag og lokale behov vart prioritert. Fast tilsette som ikkje har teke vidareutdanning tidlegare vart prioritert. To avdelingsleiarar fekk tilbod om rektorskolen.

Barnehage

Det har vore ein marginal auke i tilmeldingar og vedtak på barnehagelova § 37, tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne, samt ein litt større auke i tal vedtak på § 31 som gjer rett til spesialpedagogisk hjelp. Fleire born med store og komplekse hjelpebehov aukar krav til samhandling og fleksibilitet. Det er utfordrande å halde tida for sakshandsaming og skaffe nok kvalifisert personale. Nye rutinar og betre vedtak vart laga i samarbeid med Statsforvaltaren. Det er også etablert eit godt samarbeid med andre kommunar, på systemnivå og i utarbeiding av rutinar o.l.

I 2022 er det jobba med å byggja opp interne støttesystem og styrka førebyggjande arbeidet. Spesialpedagogar er flytta ut i barnehagane og dei har mellom anna auka fokus på inkludering av barn med spesielle behov, og jobbar førebyggjande. Evaluering syner at 87 % opplev at det er god kommunikasjon mellom spesialpedagog og pedagogisk leiar, samt at vi sikrar kapasitetsbygging og tidleg innsats med god spesialpedagogisk kompetanse nær borna. Ny evaluering skal gjerast i mars 2023.

Det er starta ein prosess med implementering av BTI, betre tverrfagleg innsats, som er ei satsing i kommunen.

Arbeid med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis er også starta. Deltakarar frå barnehage er involvert i prosjektet, og det er samarbeid med høgskulen, PPT, skule med fleire. Kartlegging av kompetanse hos personalet i barnehagar og skular er gjennomført, analyse av datamateriell skal i 2023 gjerast i partnarsskap med Høgskulen i Vestland.

Barnehagane i Øygarden har teke i mot 17 born frå Ukraina, som er fordelt over fleire barnehagar i kommunen. I tillegg har fleire barnehagar teke imot flyktningar frå andre område av verda. Pr. 15.12.22 har totalt 270 minoritetsspråklege plass i private og kommunale barnehagar.

Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking vart gjennomført i dei kommunale barnehagane i november/ desember 2022. Dei kommunale barnehagane får gode tilbakemeldingar på m.a. barna sin utvikling, relasjon mellom barn og vaksen, barn sin trivsel og generelt på tilfredsheit. Ute- og innemiljø, informasjon og medverknad er område som ligg lågast. Dette gjeld også for dei private barnehagane og landet for øvrig.

Vedtak om nedlegging av Bildøy barnehage vart gjennomført frå sommaren 2022. Alle barn vart sikra plass i ny barnehage, og alle tilsette fekk anna arbeid i Øygarden kommune.

Totalt 2 247 barn hadde plass i privat og kommunal barnehage pr 15.12.22, dette er 26 færre enn på same tid i 2021. Dei kommunale barnehagane reduserte i same periode talet med 38 born.

I desember 2022 vedtok kommunestyret nedlegging av Tussatjødna barnehage, gjeldande frå barnehageåret 23/24 og sommarstengde kommunale barnehagar dei to siste vekene i juli 2023. Prosess med gjennomføring av desse vedtaka startar tidleg i 2023.

Tre barnehagelærarar fekk tilbod om vidareutdanning i spesialpedagogikk og barns språkutvikling og språklæring. Tre ass. styrarar fekk tilbod om styrarutdanning.

PPT

PPT er ein viktig og sentral samhandlar og støtte- og systemutviklar i Oppvekst.

Spesialpedagogane i barnehage er organisatorisk plassert i PPT. Seks av desse har ved omorganisering blitt flytta til ulike kommunale barnehagar i samband med pilotprosjekt; «Fokus på arbeid i grøn sone». Om lag 14 stillingar er framleis igjen i PPT.

PPT har stort fokus mot BTI, og jobbar gjennom kontaktmøte ute i einingane, samstundes som det må balanserast mot stor tilmelding på einskildsaker. I 2022 har eininga jobba med å utvikla kartleggingshjulet, samt utarbeida tydelege rutinar for kontaktmøta ute.

Frå hausten 2022 starta eininga arbeidet med å utvida avdelinga mot PPR – pedagogisk psykologisk ressurscenter, som inneber følgjande:

- PPT: Sakkunnig vurdering, rettleiing, kontaktpersonar ute på einingane, og systemarbeid.

- Logopedane: Sakkunnig vurdering i saker som er relevant i høve deira plassering og kompetanse.
- Fagteam barnehage: Vedtak §31 og 37, rettleiing ute i barnehagane og til spesialpedagogane, samt systemarbeid.
- Fagteam skule: Læringsmiljø, planar for tidleg innsats, kontakt med alternative arenaer, arbeid med minoritetsspråklege, systemarbeid

Vaksenopplæringa

Opplæringstilbodet for vaksne har i stor grad vore organisert som normalt dette året, til trass for den store auken i elevtal, knytt til ukrainske flyktningar hausten 2022. Vi hadde 85 vaksne frå Ukraina på norskopplæring det siste semesteret, i tillegg til den ordinære målgruppa vår.

I tillegg til grunnskule for vaksne og spesialundervisning for vaksne etter sjukdom og skade, er hovudoppgåvene våre opplæring i norsk og samfunnskunnskap for minoritetsspråklege vaksne etter Introduksjons-/ Integreringslova. Vi jobbar på tvers av tenestene for integrering, kvalifisering og rådgjeving knytt til utdanning og arbeid, og med prosjektgruppa som leiar arbeidet med mottak av flyktningar frå Ukraina. Alle deltakarane våre har individuelle planar der læringsprogresjon vert evaluert etter kortsiktige og langsiktige mål. Vi har ansvar for prøveavvikling, informasjon og saksbehandling av lovverk knytt til dokumentasjonskrav ved søknader om permanent opphaldsløyve, statsborgarskap m.m. I det digitale fag-/ sakshandsamingssystemet vårt, er det registrert eitt eller fleire einskildvedtak knytt til 614 einskildpersonar sidan kommunesamanslåinga. 95 vaksne innvandrarak har teke munnleg norskprøve, 77 skriftleg norskprøve. 65 vaksne har bestått samfunnskunnskapsprøve på morsmål, og 59 har teke Statsborgarprøve.

Vaksenopplæringa er særskilt opptatt av «den raude tråden» i dei kommunale tenestene knytt til minoritetsspråklege familiar, og driv difor fleire samhandlingsnettverk internt, eksternt og med Fylkeskommunen.

Barnevern

Barneverntenesta har i 2022 hatt fokus på å implementera endringar i eigen teneste som følgje av barnevernreforma som trådde i kraft 01.01.2022. Barnevernsreforma medfører mellom anna at kommunane har fått eit større ansvar for å følgja opp barn, foreldre og fosterforeldre når eit barn ikkje kan bu heime. Miljøretteljarane i Barn, unge og familietenester (BUFT) har eit særskild ansvar i dette arbeidet.

01.04.2022 starta “Aktiv interkommunal barnevernsvakt” opp som er eit prosjekt i samarbeid med Askøy kommune. Målet med prosjektet er å utvikla og iverksetta ein modell for aktiv barnevernsvakt for mindre og mellomstore kommunar. Eit delmål i prosjektet er å førebyggja at fleire barn og unge må plasserast i tiltak utanfor kommunen, som er eit sentralt mål med barnevernsreforma.

Barneverntenesta har ansvar for busetjing av einslege mindreårige ungdom. Barneverntenesta har i 2022 teke i mot fem ungdomar.

Barn, unge og familietenester (BUFT)

Barn, unge og familietenester har arbeidd for å oppretthalda vanleg drift, harmonisera, vidareutvikla og betra tilbodet til brukarane i 2022. Trong for omdisponering av tilsette på grunn av pandemi, auke i mottak av flyktningar og rekrutteringsvanskar for helsesjukepleiarar, har ført til redusert tilbod i skulehelsetenesta på ulike skular.

Trass i utfordringane i skulehelsetenesta har dei tilsette klart å oppretthalda god kvalitet på tenestene til elevane. Mellom anna svarar elevane i 9. trinn skuleåret 2021/22 på ei brukarundersøking at dei fleste er svært nøgd eller nøgd med seksualundervisninga dei får, i motsetning til kva som er tilfellet elles i landet.

Tilsette i flyktninghelsetenesta har hatt høgt arbeidspress i 2022. Tenesta var bemanna for å ta i mot 25-30 flyktningar per år, og krigen i Ukraina førte til at det kom 192 flyktningar, som skulle busetjast og ha helsehjelp. Det har vore samarbeidd med mellom anna Vaksenopplæringa, NAV og prosjektgruppa for flyktningar frå Ukraina for at alle skal få heilskaplege tenester.

Det har vore ei auke i kurstilbodet til alle brukarar i 2022. Alle faggrupper i eininga samarbeider om foreldrestøttande tiltak og kurs. Det er no tilsett fem kommunepsykologar for barn og unge, der ein stilling er ein prosjektstilling.

Prosjektleiaren for BTI og leiarane for tverrfaglege drøftingsteam har arbeidd målretta med implementeringa av prosjektet, m.a. gjennom opplæringsbesøk i skular og barnehagar i 2022. BTI er avgjerande for at kommunen skal lukkast med førebyggjande plan.

Familieråd er starta opp i samarbeid med skular og frivillig sektor. Pr. no er det om lag 25 familieråd i prosess. Det er fem tilsette i rettleiarteamet til barn i fosterheimar, som m.a. arbeider med dette.

Skulehelsetenesta, Kommunepsykologar, Ungdomslos og SLT- koordinator rapporterer om auke i utfordringar når det gjeld rus, psykisk helse og skulevegving. I jordmortenesta er det også auke i trong for oppfølging av gravide i høve psykisk helse. Ei jordmor tar no vidareutdanning innan psykisk helse og rus.

Det er ventelister på familierettleiing og parterapi.

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %	
4000-Kommunalsjef oppvekst	20 494	20 209	20 084	124	0,6 %	✓
4110-Bildøy barnehage	6 694	3 616	3 345	270	7,5 %	✓
4111-Bjørøy barnehage	9 464	10 520	10 696	-177	-1,7 %	⚠
4113-Glesnes barnehage	3 144	0	0	0	0,0 %	✓
4114-Hamramyra barnehage	15 838	16 591	16 454	136	0,8 %	✓
4115-Knappskog barnehage	11 073	11 403	11 686	-283	-2,5 %	⚠
4116-Klokkarvik barnehage	12 412	12 623	11 081	1 541	12,2 %	✓
4117-Leirstaden barnehage	12 465	19 514	20 368	-853	-4,4 %	!
4118-Marihøna barnehage	8 395	8 942	8 988	-47	-0,5 %	⚠
4119-Skogsvåg barnehage	13 200	12 405	11 737	668	5,4 %	✓
4120-Stranda barnehage	14 668	14 673	15 801	-1 128	-7,7 %	!
4121-Straume barnehage	5 900	6 295	6 856	-561	-8,9 %	!
4123-Telavåg barnehage	2 644	0	0	0	0,0 %	✓
4124-Terna barnehage	14 708	13 612	14 316	-704	-5,2 %	!
4126-Tussetjødna barnehage	7 826	0	0	0	0,0 %	✓
4127-Ulveseth barnehage	6 584	5 882	5 946	-64	-1,1 %	⚠
4128-Ågotnes barnehage	11 408	10 881	11 307	-426	-3,9 %	!
4129-Liljevatnet barnehage	15 834	15 598	15 281	317	2,0 %	✓
4130-Spildepollen barnehage	8 223	15 260	15 526	-266	-1,7 %	⚠
4210-Bjørøy skule	13 179	13 889	13 898	-9	-0,1 %	⚠
4211-Blomvåg skule	10 811	5 943	5 588	354	6,0 %	✓
4212-Brattholmen skule	29 932	31 109	31 370	-260	-0,8 %	⚠
4213-Foldnes skule	25 756	26 475	26 120	355	1,3 %	✓
4214-Hjelteryggen skule	24 956	26 811	24 932	1 879	7,0 %	✓
4215-Knappskog skule	27 813	30 132	29 417	715	2,4 %	✓
4216-Kolltveit skule	28 261	27 245	27 605	-360	-1,3 %	⚠
4217-Landro skule	27 047	27 933	28 564	-630	-2,3 %	!
4218-Rong skule	13 379	17 251	18 072	-822	-4,8 %	!
4219-Skogsvåg skule	26 236	27 142	26 781	361	1,3 %	✓
4220-Skålevik skule	13 393	14 658	13 922	736	5,0 %	✓
4221-Spildepollen skule	19 494	20 868	21 843	-976	-4,7 %	!
4222-Stranda skule	38 354	38 775	40 520	-1 746	-4,5 %	!
4223-Tjeldstø skule	11 848	11 805	11 933	-128	-1,1 %	⚠
4224-Toftøy skule	16 068	16 412	16 881	-470	-2,9 %	!
4225-Ulveset skule	22 248	22 511	22 710	-199	-0,9 %	⚠
4226-Ågotnes skule	33 411	32 627	32 743	-116	-0,4 %	⚠
4310-Fjell ungdomsskule	53 172	53 258	52 620	638	1,2 %	✓

Ansvar	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %	
4311-Sund ungdomsskule	35 145	38 948	39 031	-83	-0,2 %	⚠
4312-Tranevågen ungdomsskule	50 960	53 566	53 835	-269	-0,5 %	⚠
4313-Øygarden ungdomsskule	25 216	25 905	25 977	-72	-0,3 %	⚠
4320-Gangstø ressursenter	11 106	9 504	9 308	196	2,1 %	✓
4330-Vaksenopplæringa	6 587	7 487	6 978	509	6,8 %	✓
4410-Barn, unge og familietenester (BUFT)	42 817	48 866	46 631	2 235	4,6 %	✓
4411-PPT	28 825	29 715	29 051	664	2,2 %	✓
4412-Barnevern	106 994	122 700	131 178	-8 478	-6,9 %	✓
Sum	943 979	979 557	986 984	-7 427	-0,8 %	⚠

Kommentar til status økonomi

Oppvekst har eit samla meirforbruk i 2022 på kr 7,4 millionar. Majoriteten av meirforbruket knyttar seg til auka kostnader i barnevernstenesta, hovudsakleg knytt til fleire institusjonsplasseringa og auka utgifter til fosterheim. Dette har mellom anna samband med det auka økonomiske ansvaret kommunen har fått i samband med barnevernsreforma. Det er og utfordringar knytt til meirforbruk på det spesialpedagogiske området både i barnehage og skule.

Dette er eit aukande behov vidare i år 2023 og truleg også i åra framover.

Barnehage

Barnehagane har eit samla meirforbruk på kr 1,6 mill. Det har vore stort fråvær og stort vikarbehov i barnehagane 2022. Avvik er knytt til tenesteområde Styрка tilbod førskuleborn.

Skular og vaksenopplæringa

Skulane inkl. vaksenopplæringa har eit samla meirforbruk på kr 0,4 mill. Det har vore høgare utgifter knytt til barn og unge med særskilte behov enn budsjettet. I tillegg har det vore stort fråvær og vikarbehov. SFO er kr 1,0 mill betre enn budsjettet. Lærarstreiken for 2022 har også gitt om lag kr 5 mill lågare lønsutgift enn budsjettet i 2022 sidan verknadsdato vart 27. september mens det var budsjettet med ny løn frå 1. mai.

Barnevern

Barnevern har eit meirforbruk på kr 8,5 mill i 2022. Meirforbruket er knytt til utgifter til fosterheimar, støttekontaktar og kjøp frå staten (Bufetat) knytt til plasseringar. 60 % av barneverntenesta sine utgifter er knytt til fosterheimar og institusjonsplasseringar.

PPT

PPT har mindreforbruk på kr 0,7 mill. Mindreforbruket skuldast vakansar/ rekrutteringsutfordringar knytt til fleire typar stillingar.

Barn, unge og familietenester (BUFT)

Barn, unge og familietenester har eit mindreforbruk kr 2,2 mill. Det har vore utfordringar med å

rekruttera nye medarbeidarar. Prosjekter der det er motteke prosjektmidlar er gjennomført med stor grad av eigne tilsette.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Løn	1 002 157	925 944	1 022 424	1 026 534	-4 111
Refusjon løn	-55 686	-32 855	-57 906	-57 939	33
Sum Løn	946 471	893 089	964 517	968 595	-4 078
Kjøp av varer og tenester	95 806	82 815	92 424	105 129	-12 704
Overføringer	39 544	35 864	43 472	48 451	-4 979
Finansutgifter	7 648	0	3 333	6 863	-3 530
Sum Utgifter	142 997	118 679	139 230	160 443	-21 213
Salsinntekter	-57 442	-58 531	-54 959	-57 229	2 270
Refusjonar	-81 254	-44 008	-63 037	-72 675	9 638
Overføringsinntekter	-5 508	192	-888	-2 264	1 376
Finansinntekter	-1 284	-187	-5 306	-9 886	4 580
Sum Inntekter	-145 489	-102 534	-124 190	-142 054	17 864
Netto resultat	943 979	909 234	979 557	986 984	-7 427

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øygarden 2021	Øygarden 2022	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet				
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (213) Voksenopplæring (B)	544	579	584	614
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B)	9 298	11 628	14 601	14 664
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B)	10 212	14 146	13 401	13 155
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)	189 053	195 339	180 935	187 639
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B)	100 908	104 191	100 818	104 318
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B)	8 347	8 787	6 505	8 083
Produktivitet				
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager (B)	5,8	5,7	5,8	5,6
Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen (B)	1 208	1 625	2 097	2 317
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4.årstrinn (B)	12,0	11,9	12,2	11,6
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7.årstrinn (B)	13,9	15,4	13,6	12,6
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn (B)	13,8	14,7	15,1	13,9
Dekningsgrad				

Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)	92,6 %	92,7 %	93,7 %	93,6 %
Andel barn med tiltak som er plassert (funksjon 252) ift. ant innbyggere 0-17 år (B)	1,2 %	1,2 %	1,1 %	1,0 %
Andel barn med tiltak som ikke er plassert (funksjon 251) ift. ant. innbyggere 0-17 år per 31.12. (B)	1,6 %	1,4 %	1,5 %	1,5 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	11,0 %	12,3 %	8,0 %	7,9 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	62,9 %	69,1 %	61,4 %	62,4 %
Kvalitet				
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	4,0	3,9		
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	13,1	13,7	13,5	12,6
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	49,0	50,0		
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	50,0	51,0		
Grunnlagsdata (Nivå 3)				
Helsesøster avt. årsv. i helsest.- og skolehelsetj. per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsv.)	28,7	29,0	25,9	24,7

Vaksenopplæring: Korrigerte brutto driftsutgifter til vaksenopplæring per innbyggjar er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Helsestasjons- og skulehelseteneste: Øygarden kommune bruker kr 11 628 per innbyggjar 0-5 år til helsestasjons- og skulehelseteneste. Dette er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Det er fleire helsesjukepleiarar per 10 000 innbyggjarar 0-20 år enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Barnevernsteneste: Netto driftsutgifter til barnevernsteneste per innbyggjar 0-17 år er kr 14 146. Dette er høgare enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Barnehage: Netto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar 1-5 år er kr 195 339 i Øygarden kommune. Øygarden kommune drifter barnehagane sine dyrare enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Samtidig er det ein lågare andel barn som har barnehageplass enn i gruppe 10 og på landsbasis.

Grunnskule: Netto driftsutgifter til grunnskule per innbyggjar 6-15 år er kr 104 191. Dette er høgare enn både gjennomsnittet i gruppe 10, men ligg lågare enn landsgjennomsnittet. Når det gjeld spesialundervisning er det 12,3 % av elevane i grunnskulen i Øygarden som har spesialundervisning. Til samanlikning er det 8 % av elevane i gruppe 10 som har spesialundervisning og 7,9% på landsbasis som har spesialundervisning. Andel elevar med spesialundervisning har auka frå 8,9 % i 2019 til 12,3 % i 2022.


Gjennomsnittleg gruppestørrelse 5.-7. trinn er høgare i Øygarden kommune enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Gjennomsnittleg gruppestørrelse 1.-4. trinn er høgare i Øygarden kommune enn landsgjennomsnittet, men lågare enn i gruppe 10. Det same gjeld gjennomsnittleg gruppestørrelse 9. - 10. trinn.

SFO: Netto driftsutgifter til skulefritidstilbod per innbyggjar 6-9 år er kr 8 787. Dette er over samanliknbare kommunar i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Kultur og samfunn

Beskriving av tenesteområde

Kommunalsjefområde Kultur og samfunn har det overordna ansvaret for å sikra ei berekraftig samfunns- og tettstadsutvikling. Området legg og føringar for arbeid med areal- og transportplanlegging, stadutvikling, klima, miljø og folkehelse. Gjennom tilrettelegging for samarbeid med innbyggjarar, frivillig sektor, lags- og organisasjonsliv vert det opna for medansvar i samfunnsutviklinga. Tenestene skal medverke til aktivitet, samskaping og livslang læring. Området har og ansvar for kulturskule, frivilligheit, kulturarv og det å støtte opp under eit variert kunst og kulturliv og ein inkluderande idrett.



Mange tenester og oppgåver har overlappande ansvar med andre einingar både innan kommunalsjefområdet og mot andre område. For å lukkast med å utvikle best moglege tenester, vil vi arbeide for å identifisere, koordinere og samordne desse oppgåvene.

Viktige hendingar

Kultur

Kommunen har i 2022 hatt eit godt samarbeid med frivillig sektor, som er den store aktøren i kulturlivet i Øygarden. Kultureininga har ulike tilskotsordningar for idrett, friluftsliv og kulturliv. Det vert kvar vår arrangert opne møte med alle lag og organisasjonar der ein går gjennom retningslinene i tilskotsordningane. Tilskotsordningane er meint å stimulera og støtta aktivitet i nærmiljøet.

- **Ungdomsklubb**

Dei kommunale ungdomsklubbane har gjennomgått fleire endringar i 2022, både som følgje

av utskiftingar i personale, men også omorganisering og delvis oppussing. av blant anna Frihuset. Ein ny speleklubb på biblioteket opna hausten 2022, som eit samarbeid mellom Ung kultur og Straume bibliotek.

- **UKM** (Ung kultur møtast)
I 2022 vart det lokale UKM-arrangementet avlyst av den interkommunale arbeidsgruppa for UKM Askøy og Øygarden. Arbeidet er no starta opp att, og det er planlagt fleire aktivitetar for året 2023.
- **Ferieaktivitetar i Øygarden**
Det er arrangert fleire aktivitetar for barn og unge i kommunal regi i feriane, finansiert gjennom eksterne midlar og organisert i samarbeid med lokale aktørar. Aktivitetane hadde låg deltakaravgift og det var gratis plassar tilgjengeleg, og i 2022 har det vore særleg fokus på å inkludera barn og unge med funksjonsnedsetting.
- **Kulturskulen**
I januar 2022 flytta kulturskulen inn i nye lokale på Liljevatnet, og har med det fått nye undervisningslokale og felles arbeidsplassar til dei tilsette. I 2022 hadde kulturskulen 468 elevplassar, ein auke på 35 elevplassar samanlikna med året før.
- **Den kulturelle skulesekken (DKS)**
Den kulturelle skulesekken i Øygarden skal formidle kunst og kultur av høg kvalitet til alle grunnskuleelevar i kommunen. I 2022 var det eit variert program med teater, dans, kunst og musikk. Elevane skal få møta eit breitt spekter av ulike kunstuttrykk. Produksjonar som let elevane delta aktivt i samskaping med formidlarane vert prioritert, i tillegg til lokale formidlarar.
- **Frivilligsentralen Fjell og Øygarden**
Frivilligsentralane er eit bindeledd mellom frivillige lag og organisasjonar og kommunen. Kultureininga drifter tre sentralar; Frihuset Frivilligsentral på Ågotnes og Øygarden og Fjell Frivilligsentral. Øygarden og Fjell Frivilligsentral er lokalisert i administrasjonslokalar saman med kulturkontoret på Rong. I 2022 har sentralane hatt ansvar for ei rekke aktivitetar retta både mot alle innbyggjarane, men også sårbare grupper som eldre og flyktningar.

Plan, geodata og oppmåling

Plansaksbehandling (private reguleringsplanar)

Inngangen på saker er stabil samanlikna med tidlegare år, og oppstart av nye plansaker gjeld både næring- og bustadplanar. I 2022 er det tre næringsplanar som er vedteke og som støttar opp om satsingsområda i økonomiplanen. Andelen saker som bli påklaga er ikkje høg. Kostra-tala gjenspeglar ikkje tal saker som gjeld endringar av planar, men trenden har over tid vore aukande på søknader om endringar.

Oppmåling

Tal frå 2021 og 2022 viser ein stabil saksinngang til oppmålingsavdelinga. Sakene vert handsama innanfor fristen som er på 16 veker. Vi supplerer kapasitet innan oppmålingsforretningar med rammeavtale med Fields (tidl. Terratec). Dette gjev avdelinga ein nødvendig fleksibilitet med omsyn til variasjon av saksinngang og frávær i arbeidsstokken. Utviklinga i samfunnet, bustadutvikling og næringsverksemda påverkar saker og kompleksitet i eigedomsforhold. Det merkar ein også på oppmålingsavdelinga og ved matrikkelføring.

Byggjesak, tilsyn og miljøforvaltning

Tala på mottekne byggjesaker er noko redusert samanlikna med året før, med ein nedgang på omtrent 100 søknadar. Totalt sett er det fatta omtrent like mange vedtak av byggjesak i 2022 som året før. Det er også ein nedgang på byggjesaker over frist.

Når det gjeld dispensasjonssøknadar er det motteke og behandla omtrent 20 fleire saker i 2022 enn året før. Seksjoneringssøknadar og vedtak er samanfallande for 2021 og 2022.

Tal på klager som er motteke i 2022 ligg på same nivå som for 2021. Det er i 2022 behandla fleire klager enn det kommunen har motteke, og restansen av klagesaker er i løpet av året redusert frå 70 til 47 klagesaker.

Tilsyn:

I 2022 er det gjennomført 9 tilsyn av omsøkte tiltak. Fleire av desse tilsyna har omhandla tunge saker som har vore ressurskrevjande for kommunen.

Det er registrert i overkant av 750 meldingar om moglege ulovlege tiltak. Nærare 600 av desse meldingane er eldre meldingar som er motteke før kommunesamanslåinga i 2020.

I 2022 er det gjennomført lovbrotsoppfølging i 85 saker, og ved utgangen av 2022 var det 79 pågåande saker. I løpet av 2022 er det motteke 69 meldingar om moglege ulovlege tiltak, mens 41 saker vart avslutta.

Eigedom

Grunna høge straumprisar har effektivisering innan energi vore eit viktig arbeid for Eigedom i 2022. Det vart etablert eit energiovervakingsystem (EOS-system) for heile eigedomsporteføljen. Dette gir betre oversikt over energiforbruket, og er eit viktig grep for å få kontroll på energiforbruket i våre bygg. Resultatet er eit redusert energiforbruk på 3.000.000 kwh, noko som utgjer heile 11% energireduksjon. Reduksjonen tilsvarar om lag kr 6 mill. Energireduksjonen skyldast primært driftstilpasningar og optimalisering av tekniske anlegg. Ein har framleis eit potensiale til vidare effektivisering, då særskilt ved å gjennomføra fysiske ENØK-tiltak. Dette vil bli fokus i 2023.

Vidare er det blitt gjennomført viktig vedlikehaldsprosjekt innan bygg som til dømes nytt brannalarmanlegg på Tednebakkane, skifte av varmepumpe på Knappskog skule og etablering av skallsikring og adgangskontroll på Tranevågen ungdomskule.

I tillegg til ordinær forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale vegar, har arbeidet innan veg vore prega av store og komplekse samferdselsprosjekt i ulike fasar. Prosjektet knytt til ny Foldnesveg er ferdigstilt og har bidratt til ei etterlengta oppgradering av vegen til dagens standard. Vidare vart det i 2022 starta opp prosjekt med ny kulvert som skal betra tilhøva for mjuke trafikantar i Idrettsvegen, og ny rundkøyring ved Sotra Arena. Av prosjekt i gjennomføringsfasen er det arbeidd med ny kryssløysing ved Arseta og Blomvåg.

Av anna aktivitet er det blitt etablert ny 5-årig kontrakt innan vintervedlikehald for dei kommunale vegane. Av vedlikehaldsprosjekt er Kolltveit kai blitt rehabilitert og 13 km med kommunal veg er asfaltet.

Reinhald

Reinholdsavdelinga består av meir enn 100 fast tilsette og eit titals ringevikarar frå meir enn 20 ulike nasjonar. Reinhald har for tida ansvar for reinhaldet på 108 tenestestader. I tillegg til reinhald av alle bygg med kommunale tenester, har reinhald også oppdrag for private helseverksemdar som leiger i kommunale bygg og for interkommunale føretak eller aksjeselskap som er knytt til kommunen. Dei har dessutan reinhaldet for Øygarden kyrkjelege fellesråd (kyrkjekontor og alle kyrkjene).

Reinholdsavdelinga satsar på bruk av godt utstyr, gode maskiner og minst mogeleg kjemikaliar, samt har kontinuerleg fokus på opplæring i reinhaldsoperatørfaget. Meir enn ein fjerdedel av reinhaldarane har teke fagbrev innan reinhaldsoperatørfaget, og avdelinga har bedriftsintern opplæring. Her får andre fast tilsette og vikarar trene seg på arbeidsprogram og bruk av reinhaldsmaskiner.

Viktige aktivitetar i 2022

- **Vedtak av samfunnsdelen til kommuneplanen og revisjon av planstrategien**
I mars 2022 vart samfunnsdelen til kommuneplanen vedteken. Denne utgjør det viktigaste styringsdokumentet til kommunen, og er eit resultat av ein lang og grundig prosess. I tillegg vart vedteken samfunnsdelen vart planstrategien revidert, med vedtak juni 2022.
- **Oppfølging av planstrategi**
For hausten 2022 har Kultur og samfunn hatt fokus på å følgja opp planstrategien. Arbeidet med bustadsosial temaplan og strategiplan for kultur, idrett og frivilligheit har starta opp. I tillegg har arbeidet med KDP for vatn og avløp heldt fram. Det har òg vore jobba målretta med prioriterte arealplanar som allereie var i prosess, i tillegg til oppstart av to nye (Miljøgate og Energiparken sør). Prioriterte arealplanar støttar opp om drivarane og satsingane skildra i planstrategien, m.a. når det gjeld utviklinga av kommunedelsentra i kommunen.
- **Miljøløftet**
Miljøløftet er namnet på partnerskapet og gjennomføringsorganet for byvekstavtalen, som Øygarden kommune er ein del av. Hovudføremålet med samarbeidet er å fremja prosjekt som medverkar til å nå mål om nullvekst innanfor fire innsatsområde - gange og sykkel, kollektivtransport, innfartsparkering og miljøvenleg teknologi og innovasjon. Gjennom 2022 er det arbeidd med prosjektering og gjennomføring av to prosjekt som er finansiert gjennom Miljøløftet; kulvert i Idrettsvegen og etablering av Miljøgate i Grønmyrsvegen. Det vart og

arbeidd med haldningsskapande arbeid gjennom ein kampanje for trafikktryggleik ved skulestart, og for å auka andelen som reiser med buss. I juni gjennomførte kommune ei reisevaneundersøking for å auka kunnskapen og gje grunnlag for vidare val av tiltak.

- **Parallelloppdrag Straume**

Hausten 2022 gjennomførte kommunen ei programutlysing for Parallelloppdrag Straume. Bakgrunnen for parallelloppdraget er potensialet for vidare sentrumsutvikling som vert utløyst ved at Stovevatnet blir fylt igjen, og gjort tilgjengeleg som nytt byggeland. I parallelloppdraget har ein blant anna arbeidd med å sjå på moglegheitene for framtidig bumiljø, mobilitet, offentlege tenester og korleis ein kan utvikla dette på ein miljømessig, sosial og økonomisk berekraftig måte.

- **Energiparken**

Hausten 2022 vart reguleringsplan for Northen Lights og Detaljregulering Energiparken Vest vedteke, medan detaljregulering for Oksneset (akvakultur på land) vart lagt ut til offentlig høyring. Gjennom 2022 er det også gjennomført jamlege møte med Statnett vedr. energiforsyning til kommunen og prosessindustrien på Blomøyna og Ona (Energiparken og Kollsnes).

- **Sotrasambandet**

Kultur og samfunn har etablert ei intern arbeidsgruppe for å følgje opp ulike saker knytt til Sotrasambandet, og det er etablert faste møtepunkt med Statens vegvesen, Sotra Link, Bergen kommune, Vestland fylkeskommune og Øygarden kommune. Ein har sikra god samordning av dispensasjonssaker, planendringar og praktiske avklaringar kring gjennomføringa av anleggsperioden.

- **Geodata**

Geodata er eit viktig verktøy for å gjennomføra og formidla geografiske analyser. Kommunen har i 2022 har fått fleire system i god drift, og har kunne retta den interne ressursbruken meir mot geografiske analyser i utviklinga av tenestene våre, både internt i Kultur og samfunn og innanfor andre tenesteområde, ØyVAR og Øygarden brann og redning KF. Auka digitalisering og tilgjengelege data gir innbyggjarar og brukarar rask tilgang på informasjon, og auka effektivisering av forvaltninga.

- **Miljø og klima**

Satsinga frå planstrategien på miljø- og klimaarbeidet i kommunen vart så smått starta opp hausten 2022. Kommunen gjer ei betydeleg innsats, men treng betre samordning og tydelegare retning. På slutten av året vart det teke avgjerd om at ein miljø- og klimakoordinator skal sikre samordning av det gode arbeidet, som skal halde fram i organisasjonen.

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2021	Rev. bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %	
5000-Kommunalsjef kultur og samfunn	17 402	4 843	4 605	238	4,9 %	⊖
5110-Kultur	38 302	30 466	31 394	-928	-3,0 %	⊖
5210-Plan, geodata og oppmåling	17 565	14 832	13 959	873	5,9 %	✓
5310-Byggesak	5 185	5 821	5 208	613	10,5 %	✓
5410-Eigedom- drift og vedlikehold	169 453	152 424	190 007	-37 582	-24,7 %	!
5510-Reinhald	71 217	69 619	69 905	-285	-0,4 %	⊖
Sum	319 124	278 006	315 078	-37 072	-13,3 %	!

Kommentar til status økonomi

Kultur og samfunn har eit meirforbruk på 37 mill. I all hovudsak ligg meirforbruket til eigedomseininga.

Meirforbruk skuldast delvis høge energikostnader, meirutgifter til salting og brøyting, kommunale avgifter, avvik på leasingkostnader for bilparken og driftskostnader til bygg.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap 2022	Avvik i kr
Løn	186 080	174 785	179 472	187 376	-7 904
Refusjon løn	-7 216	-3 111	-4 311	-10 392	6 081
Sum Løn	178 864	171 674	175 161	176 984	-1 823
Kjøp av varer og tenester	180 827	152 637	160 852	194 648	-33 796
Overføringer	65 746	31 814	58 473	58 804	-331
Finansutgifter	8 870	0	5 600	7 693	-2 093
Sum Utgifter	255 443	184 451	224 925	261 145	-36 220
Salsinntekter	-58 991	-58 222	-58 134	-59 866	1 733
Refusjonar	-46 641	-29 628	-62 887	-56 224	-6 663
Overføringsinntekter	-4 609	-1 060	-1 060	-5 332	4 272
Finansinntekter	-4 941	0	0	-1 629	1 629
Sum Inntekter	-115 183	-88 910	-122 081	-123 052	971
Netto resultat	319 124	267 215	278 006	315 078	-37 072

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse

	Øygarden 2021	Øygarden 2022	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet				
Brutto driftsutgifter til funksjon 121, Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen, i kr. pr. i (B)	186	210	288	419
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (265) Kommunalt disponerte boliger (B)	727	969	1 247	1 526
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (301) Plansaksbehandling (B)	426	417	360	380
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (329) Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling (B)	78	52	93	129
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B)	2 134	2 194	2 809	2 881
Netto driftsutgifter per innbygger (375) muséer (B)	125	134	58	88
Netto driftsutgifter per innbygger (380) idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg (B)	20	27	271	272
Netto driftsutgifter per innbygger (381) kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (B)	907	967	837	738
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	1 709	1 664	2 378	2 925
Produktivitet				
Behandlede byggesøknader i alt (antall)	637	542	5 179	67 853
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	342 903	343 743	212 708	202 139
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	25 845	26 850	24 078	24 326
Kvalitet				
Antall søknader per 1000 innbyggere		3,0	7,0	7,0
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb	180	223	109	109
Økonomi				
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1 227	1 288	1 448	1 573

Plansaksbehandling: Korrigerte brutto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbyggjar er kr 417 for Øygarden kommune, noko som er meir enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Kultur: Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar er kr 2 194 for Øygarden kommune. Dette er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter til muser per innbyggjar er kr 134 som er over dobbelt så mykje som gjennomsnittet i gruppe 10 og langt over landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg per innbyggjar er kr 967 som er høgare enn gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular per innbyggjar 6-15 år er kr 1 664 som er lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Eigedom: Brutto driftsutgifter per km kommunal veg og gate er betydeleg høgare enn både landsgjennomsnittet og gruppe 10.